

Årsbudsjett 2021

Økonomiplan 2021 - 2024



Politisk utgåve
Vedteke av kommunestyret 15.12.20, KS-sak 139/20

Vinstra, 14.1.21

BUDSJETT OG ØKONOMIPLAN 2021-2024

1. INNLEIING	5
2. ØKONOMISKE NØKKELTAL	7
2.0 Innleiing	7
2.1 Lønns- og prisføresetnader for driftsbudsjettet	7
2.2 Frie inntekter - skatteinntekt og rammetilskott	10
2.3 Eigedomsskatt	11
2.4 Inntekter frå kraftsektoren	12
2.5 Driftsrammer	12
2.6 Økonomiske nøkkeltal og budsjettpremiss	12
2.7 Investeringsbudsjettet	16
2.8 Driftsbudsjettet fordelt på artsgrupper	17
3. KOMMENTARAR TIL INV. BUDSJETTET	19
3.0 Innleiing	19
3.1 Sektor administrasjon	24
3.2 Sektor oppvekst	35
3.3 Sektor helse	36
3.4 Andre investeringsutgifter	37
4. KOMMENTARAR TIL DRIFTSBUDSJETTET	38
4.0 Innleiing	38
4.1 Kyrkjeleg fellesråd	44
4.3 Kommunedirektør	45
4.4 Sektor administrasjon	47
4.4.1 Tenestekområde Personal og organisasjon	48
4.4.2 Tenestekområde Økonomi og innkjøp	49
4.4.3 Tenestekområde Teknisk og plan	50
4.4.4 Tenestekområde Kultur, næring, IKT	54
4.4.5 Interkommunale selskap (administrasjon)	58
4.5 Sektor oppvekst	670
4.5.1 Skoler	62
4.5.2 Barnehagar	65
4.5.3 Interkommunale selskap (oppvekst)	66
4.6 Sektor helse	67
4.6.1 Tenestekområde Pleie og omsorg	68
4.6.2 Tenestekområde Tenester for funksjonshemma	70
4.6.3 Tenestekområde Forebyggjande helsetjenester	71
4.6.4 Interkommunale selskap (helse)	73
6. KOSTRA – TAL (BLIR ETTERSENDT)	77
7. ØKONOMISKE OVERSIKTER	83
7.1 Bevilgningsskjema drift, A-del	85
7.2 Bevilgningsskjema drift, B-del	86
7.3 Budsjettsskjema 2A og 2B: Investeringsbudsjettet	87
7.4 Økonomisk oversikt drift	88

8.	DIVERSE ØKONOMISKE RAPPORTAR OG VEDLEGG	89
8.1	<i>Lånegjeldsutvikling 2019 – 2024</i>	90
8.2	<i>Fondsutvikling 2019 – 2024</i>	91
8.3	<i>Investeringar netto pr. prosjekt 2021 – 2024</i>	92
8.4	<i>Detaljert investeringsbudsjett 2021 - 2024</i>	94
8.5	<i>Organsiasjonskart</i>	99
9.	KOMMUNESTYRE SITT VEDTAK BUDSJETT 2021 OG ØKONOMIPLAN 2021-2024 (KS-SAK 139/20, 15.12.2020).	101

1. INNLEIING

Kommunestyret (KOM) vedtok i møte 15.12.2020, sak 139/20, budsjett for 2021 og økonomiplan 2021 - 2024. Behandlinga i KOM tok utgangspunkt i forslag frå kommunedirektør av 9.11.20 og innstilling / forslag frå formannskapet av 26.11.20. *Netto driftsresultat* gir slike tal: **2021**: -0,2 %, **2022**: 0,0 %, **2023**: 0,9 % og **2024**: 1,3 %.

Budsjettet legg ikkje opp til resultat i samsvar med vedtatt måltal for netto driftsresultat, men det har *betre tal* enn førre økonomiplan (2020-23). Dersom kommunen gjennom komande årsrekneskap klarer å følgje opp økonomiplanen vil handlefridomen gradvis bli styrka utover planperioden.

Driftsbudsjett 2021 – 24.

2021 blir 2.året med budsjett bygd opp etter sektororganisering med 3 sektorar (administrasjon, oppvekst og helse), og når rekneskapen for 2020 blir avslutta vil vi få samanlikningsgrunnlag for neste budsjettprosess.

Budsjettramman for 2021 på kyrkjeleg fellesråd, kommunedirektør og 3 sektorar er *brutto* ca. 543 mill. kr. og *netto* driftsramme er ca. 407 mill. kr. Organisasjonen har over fleire år drive med omstilling, som betyr færre ressursar til administrasjon og leiging. Det har konsekvensar for på kva måte organisasjonen kan ta på seg oppgåver på framover. Vi må i større grad framover evne å prioritere mellom oppgåver som krev administrativ oppfølging.

Rekneskap for 2020 blir påverka av driftsutgifter / -inntekter knytt til koronapandemien som har prega drifta frå 4.3.20 og ut året. Pr. 13.1.21 har vi ikkje endelege tal for korleis pandemien påverkar rekneskapen for fjoråret.

Det er samanheng med nivå på investeringar og handlefridom innan drift, noko vi ser dersom kommunen har ei lånegjeld som legg band på for høg andel av driftsmidlane. Det er ved inngangen til 2021 fleire usikre forhold som vil ha innverknad framover. T.d. vil komande lønnsoppgjør påverke kommunen sin økonomi. Evt. langtids endringar i sysselsetting som følgje av koronapandemien vil ha stor innverknad t.d. på skatteinntekter. Utover i planperioden må vi starte arbeid med *full omtaksering* av eigedomar etter at vi i ei avgrensa periode kan utføre såkalla «kontortaksering» knytt til eigedomsskatten. Det vil krevje relativt store midlar på komande driftsbudsjett.

Investeringsbudsjett 2021 – 24.

Kommunen har hatt nokre store investeringstiltak i seinare år. I perioden 21-24 er fullføring av sikringsarbeid i og omkring elva Givra det største prosjektet. I tillegg skal VA Furusjøen skal fullførast i år. Både fullføring av eksisterande prosjekt og gjennomføring av Givra sikringstiltaka har høg inverknad på i kva grad kommunen har evne og kapasitet til å ta på seg nye investeringstiltak i åra framover. Det blir ei viktig avklaring ved neste økonomiplan behandling.

Tekstvedtak / budsjettpremiss.

Kommunestyret har vedtatt til saman 8 tekstvedtak. Dei er innafor pleie og omsorg (4), oppvekst (1), klima og miljø (1) og næring /utviklingsarbeid (2). Vedtaka er lagt inn på aktuelle tenesteområder i kommentaren. Desse punkta viser områder der kommunestyret er særleg opptatt av at nemnte tema blir følgt opp på ein god måte. For fleire av tiltaka vil det krevje prioritering av midlar *utover* budsjett 2021, og det forutsett at kommunen framleis har tilstrekkeleg handlefridom.

Nord-Fron har økonomisk handlefridom, men det vil vere behov for at kommunen vurderer nøye om / på kva områder vi skal nytte færre ressursar, dersom enkelte tenester skal ha større fokus / auke i ressurstildeling. Kommunen skal nytte ny teknologi der det gir effektar, men samtidig vil det ikkje erstatte behov for kompetente medarbeidarar innafor alle tenesteområda.

Budsjettet skal gi grunnlag for at kommunal tenesteproduksjon skal gi tilfredsstillande tenester også i 2021.

Vinstra, 13.januar 2021

Arne Sandbu
Kommunedirektør

2. ØKONOMISKE NØKKELTAL

2.0 *Innleiing*

I samband med ny organisering frå 2019 til 2020 og budsjettendringar som følgje av Covid-19, inkludert redusert lønsvekst, er det vanskeleg å få fram samanlignbare tal frå 2019 fram til 2021. Det blir også gjort merksam på at det frå 2020 er nye obligatoriske oversikter, jf. ny kommunelov med forskrift. Dette gjer at det er mindre differansar mellom tala som kjem fram for R19 i økonomisk oversikt drift og avlagt rekneskap for 2019.

Når det gjeld investeringsbudsjettet så vil det frå 2021 bli framstilt som *netto* pr. prosjekt, for å kunne gje best mogleg oversikt over den kommunale kostnaden pr. prosjekt. Tilskott, refusjonar og liknande utanom momsrefusjon vil bli kommentert særskilt for dei prosjekta det gjeld. I tillegg til oversikt som syner netto pr. prosjekt vil det også bli lagt ved oversikt som syner detaljert budsjett pr. prosjekt.

I tråd med kommuneloven, og kommunen sitt økonomireglement, vil bevilgningskjema for investering syne brutto investeringsramme pr. sektor, og dette ligg til grunn for budsjettvedtaket.

2.1 *Lønns- og prisføresetnader for driftsbudsjettet*

Budsjettarbeidet hausten 2020 tok utgangspunkt i regulert budsjett for 2020 pr. juli 2020, endringar i planperioden vedteke i førre økonomiplan, samt vedtak i 2020 som har verknad for økonomiplanen. Dette er ei endring frå tidligare da det har vore gjeldande økonomiplan i staden for regulert budsjett 2020 som har vore lagt til grunn. Årsaka til endringa er dei store endringane som har vore dette året knytt til lønnsvekst, samt andre korrigeringar knytt til organisatoriske tilpasningar.

Økonomiplanen er utarbeidd i faste 2021-prisar, og 1.året i planperioden blir etter kommunestyret sitt vedtak overført som budsjett for 2021.

Følgjande **lønns- og prisføresetnader** er lagt til grunn i 2021-budsjettet:

Lønn i faste stillingar:

Lønnsoppgjøret for 2021 er eit mellomoppgjør. I Statsbudsjettet er det lagt til grunn ei årslønnsvekst på 2,2 %. SSB bruker i sine prognoser pr. september 2020 ei årslønnsvekst for 2021 på 2,3 %.

Nord-Fron har i snitt (dvs. uavhengig av kapitteltilhørighet i flg. hovudtariffavtala) budsjettert med årslønnsvekst på 2,3 %. Det inneber eit påslag på løn på om lag 1,3 % pr 1. mai 2021. Årsaken til at påslaget på løn pr. mai blir lågt heng saman med at verknadsdato for lønnsoppgjøret i 2020 vart 1.9.20. Det inneber eit stor overheng til 2021, og det inngår som del av årslønnsveksten. Overhenget er berekna til ca. 1,1 %.

Pensjonspremie:

Kommunal landspensjonskasse (KLP): I budsjettet er pensjonspremien 16,0 %* på løn i faste stillingar og for tillegg som er pensjonsgjevande. Premien er i tråd med prognose frå KLP.

**På verksemdsområda er det budsjetttert med 17,4 %, fordi den delen av premien som gjeld overføring frå premiefond i KLP er ført på eige ansvar (ansvar 806).*

Premien er vesentleg lågare enn i førre økonomiplan (18 %). Årsaka til dette er at det frå 2020 er endringar i pensjonsordninga, og endringar av uføre- og levealdersforutsetningane. Bruk av premiefond er i budsjettet lagt inn med 3,2 mill. kr. eks. arbeidsgjevaravgift. Premien og bruk av premiefond er lagt likt alle åra i planperioden.

Nord-Fron har frå 2020 vald å gå over til 100 % utjevning knytt til AFP-kostnader. Det inneber at kommunen ikkje blir belasta ekstra når tilsette tek ut AFP, men i staden blir belasta eit beløp kvart kvartal berekna ut frå det samla lønsgrunnlaget. 100 % utjevning inneber mindre risiko og meir stabile utgifter til AFP.

Endring i alderspensjon frå januar 2020 fører til at premiereserven skal reknast om, fordi avsetningskravet til framtidig alderspensjon er redusert.

Dette vil gi frigjorte midler, som blir tilført premiefondet i den enkelte kommune.

Dei frigjorte midlane (premiereserven som skal først attende) må nyttast til å betale framtidig pensjonspremie. I brev frå KLP datert 27.11.2020 vart det gjort eit førebels anslag på kor stor den frigjort premiereserve for Nord-Fron vil vera. Anslaget er på om lag 31 mill. kr. Formannskapet og kommunestyret vart orientert om dette i møte 9.12.20 og 15.12.20, og handtering av dette vil bli fulgt opp og lagt fram som sak for kommunestyret i løpet av fyrste halvår 2021.

Statens pensjonskasse (STP – pensjonskasse for lærarar): 8,51 % på lærarløn.

Utvikling pensjonspremie (budsjett-tal):

	2021	2020	2019	2018	2017	2016
KLP	16,00%	18,00%	17,50%	17,50%	19,00%	18,30%
SPK	8,51%	10,38%	10,66%	10,82%	10,25%	11,15%

Arbeidsgivaravgift: 10,6 % av alle lønnsutgifter inkl. pensjonspremie.

Andre driftsutgifter: Det er i utgangspunktet lagt til grunn 3,2 % auke på utgifter i budsjettet. I Statsbudsjett for 2021 er det lagt til grunn ein kommunal deflator på 2,7 %.

Lønsvekst teller knapt 2/3 av deflator og er anslått til 2,2 % i Statsbudsjett, dermed blir anslått prisvekst ca. 3,5 %.

SSB legg pr. september 2020 til grunn ein prisvekst neste år på ca. 2,9 %.

Oppsummert gir dette slike anslag:

	NFK budsjett	Statsbudsjett	SSB
Lønsvekst	2,2 %	2,2 %	2,3 %
Prisvekst	3,2 %	3,5 %	2,9 %
Anslag deflator	2,6 %	2,7 %	2,5 %

Det er lagt til grunn innsparingar som både omhandlar løn og andre driftsutgifter i budsjettet. Innsparingane er nærmare kommentert i kap. 4.

Rente- og avdragsutgifter: Det er lagt til grunn ein rentesats på 1,3 %, og ei avdragstid på 30 år for nye generelle investeringslån. I budsjettvedtak for 2020-2023, KS-sak 130/19, vart det gjort vedtak om å ta opp inntil 71,056 mill. kr. i 2020 (talet inkluderer rest av investeringslån frå 2019). Med bakgrunn i at fleire investeringsprosjekt er nedregulert, og blir gjennomført eller fullført seinare år, er det i 2020 teke opp investeringslån på 40 mill. kr. Det er lagt til grunn at resterande låneopptak på 31,056 mill. kr. blir gjort i 2021. Endringar i renter og avdrag som følgje av dette er tatt inn i budsjettet.

Sals- og leigeinntekter:

- Satsen for eigenbetaling i barnehagane blir auka i tråd med maks-sats i Statsbudsjettet. Denne er frå 1.1.21 kr. 3.230 (kr. 3.135 i 2020).
- Satsen for vass-avgifter er uendra frå 2020 jf. KS-sak 137/20.
- Satsen for avgifter på avløp er uendra frå 2020 jf. KS-sak 137/20.
- Satsen for septik-tømming er uendra frå 2020 jf. KS-sak 137/20.
- Satsen for feieavgifter er uendra frå 2020 jf. KS-sak 137/20.
- Satsen for renovasjonsavgifter er auka med 6 % frå 2020 jf. KS-sak 137/20.
- Satsen for leige av kommunale kulturbygg og gebyr etter plan- og bygningslova er auka med 3,2 %, jf. KS-sak 136/20 og 138/20.

For andre satsar som blir lokalt vedtatt er det i hovudsak lagt opp til 3,2 % auke, men det kan være at særskilte betalingsordningar får anna påslag.

Satsen for feie- og renovasjonsavgift er i tråd med vedtak i representantskapet for interkommunale ordningar 21.10.20.

Når det gjeld satsen for husleige er denne frå 2018 regulert i tråd med konsumprisindeksen og det blir difor ikkje lagt fram sak som regulerer desse, jf. KS-sak 117/17.

2.2 Frie inntekter - skatteinntekt og rammetilskott

Tabellen viser samla nivå på budsjetterte frie inntekter med bakgrunn i Statsbudsjett for 2021. Følgjande tal er brukt i budsjettet:

tal i 1000	Budsjett 2020	Prognose 2020	Budsjett 2021	Endr.progn R20 - B21*	%vis auke progn.20 - B21
Skatt	171 500	161 232	170 689	9 457	5,9 %
Innt.utjevn.	6 444	10 105	11 849	1 744	17,3 %
Ramme	187 456	186 905	192 324	257	0,1 %
Sum	365 400	358 242	374 862	11 458	3,2 %

*I B21 i samanlikninga er ekstra rammetilskott knytt til koronapandemien på 5,162 mill.kr. ikkje tatt med.

Alle tala i tabellen er basert Statsbudsjettet, tilleggsnummer til Statsbudsjettet og modell frå KS.

Rammetilskottet i 2021 inkluderer 5,162 mill. kr. for å dekke kostnader knytt til Covid-19. Dette vart lagt fram av regjeringen gjennom eit eige tilleggsnummer til Statsbudsjettet. I kommunen sitt budsjett er auken i ramma lagt inn som ein del av den ordinære ramma, og det er lagt inn utgifter tilsvarande auken på eige Covid-19 ansvar (ansvar 200).

Frie inntekter i Statsbudsjett 2021 **samanlikna med oppgåvekorrigerede frie inntekter i 2020 viser ei auke på 3,2 %**. I samanlikninga er ekstra rammetilskott knytt til Covid-19 (5,162 mill. kr.) ikkje teke med.

I 2021 får kommunen 1,4 mill. kr. i ordinære skjønnsmidlar (1,0 mill. kr. i 2018, 0,9 mill. kr. i 2019 og 1,4 mill.kr. i 2020).

KS har også utarbeidd ein alternativ modell basert på det relative skattenivået for årene 2021-2024 og *prognose* for folketal pr. 1.1.21. Denne modellen viser reduuerte frie inntekter på ca. 2 mill. kr. for Nord-Fron kommune i 2021 samanlikna med det som er lagt inn i budsjettet / kjem fram i statsbudsjettet. Dei ulike modellane viser m.a. at utvikling av folketallet i kommunane har stor innverknad på sum frie inntekter. Det er viktig å vere merksam på at det er utviklinga i den enkelte kommune samanlikna med landsgjennomsnittet som leggst til grunn.

I budsjettet er dei frie inntektene, korrigeret for skjønnsstilskott, lagt likt for alle åra i planperioden.

2.3 Eigedomsskatt

Det er budsjettet med slike inntekter frå eigedomsskatt i 2021 (tal i 1000):

	R16	R19	B20	B21	B22	B23	B24
Næring	-2 064	-2 330	-2 407	-2 400	-2 400	-2 400	-2 400
Kraftverk	-35 026	-21 722	-19 000	-19 500	-20 000	-20 000	-20 000
Verk og bruk	-1 936	-1 886	-1 664	-1 850	-1 850	-1 850	-1 850
Bustader	-5 014	-5 181	-4 410	-5 976	-6 804	-7 632	-7 632
Fritidsbustader	-5 359	-5 701	-5 007	-6 662	-7 576	-8 490	-8 490
Landbruk	-818	-943	-747	-1 268	-1 462	-1 656	-1 656
Sum eigedomsskatt	-50 218	-37 763	-33 235	-37 656	-40 092	-42 028	-42 028

Eigedomsskatt frå kraftverk for 2021 ligg inne i tråd med førre økonomiplan.

Skatteetaten kom 11.12.2020 med oppdaterte lister for 2021. Kommunestyret vart orientert om dette ved behandlinga av budsjettet. Listene viser auka inntekt frå kraftverka på om lag 3,5 mill. kr. samanlikna med det som er lagt inn i budsjettet. Endringa vil bli innarbeidd gjennom eige sak til kommunestyret (budsjettendring) på fyrste møtet i 2021.

Dersom ein legg til grunn dei siste tala frå Skatteetaten er eigedomsskatt frå kraftverk redusert med om lag 12 mill.kr. frå 2016 til 2021.

Når det gjeld eigedomsskatt frå bustader og fritidseigedommar blir det vist til eige sak lagt fram for kommunestyret i november 2019 (KS-sak 101/19). I samband med endringar i eigedomsskattelova frå 2020 vart det innført ein obligatorisk reduksjonsfaktor på minimum 30% i takstene på boliger og fritidsboliger. For å redusere inntektstapet til kommunen noko vart promillesatsen auka frå 3 til 4 frå 2020. Botnfradraget var uendra.

Botnfradraget er endra frå 150.000 til kr. 70.000 frå 2020 til 2021. Vidare er det lagt til grunn oppstart av arbeidet med re-taksering i 2021/22 og at ny takst tidlegast er klar frå 1.1.2024. Inntil ny takst er klar blir det lagt til grunn buk av kontorjustering. Endringa frå 2020 til 2021 er i tråd med KS-101/19 og vedtak i KS-sak 139/20.

Kontorjustering inneber at eigedomsskattetakstene blir oppjustert med inntil 10 % av den opprinnelege taksta for kvart år som er gått etter 10-årsfristen for siste alminnelige taksering. Det er takstnemnda som tek stilling til kor stor prosentsats det skal vera på kontorjustering, men det kan maksimum være 10 % påslag på nåværende takst kvart år. I budsjettet er det lagt inn auka inntekter frå bustader (inkl. landbruk) og fritidseigedommar som følgje av auka takst.

2.4 *Inntekter frå kraftsektoren*

Nord-Fron kommune har eigardelar i Gudbrandsdal Energi AS og Innlandet Energi Holding AS (tidlegare Eidsiva Energi AS). Tabellen viser årlege uttak frå kraftverka og inntekter knytt til konsesjonskraft (tal i 1000):

	R-2019	B-2020	B-2021
GE AS – utbytte	5 418	5 418	5 418
Netto inntekt for konsesjons- og avtalekraft	10 164	9 500	9 100
Sum GE AS / kons.kraft	15 582	14 918	14 518
Utbytte Innlandet Energi Holding AS	2 263	2 765	3 400
Sum inntekter	17 845	17 683	17 918

Samla utbytte frå GE AS og Innlandet Energi Holding AS er budsjettert med 8,8 mill. kr. i 2020. Det ligg inne ein auke frå Innlandet Energi Holding AS frå 2020 til 2021. Utbytte frå GE AS er lagt inn i tråd med ny eierskapsmelding.

Betaling for konsesjons- og avtalekrafta er i 2021 budsjettert med netto inntekt på 9,1 mill. kr. Dette er 0,4 mill. kr. lågare enn i budsjett 2020. Inntekta ligg uendra i planperioden.

2.5 *Driftsrammer*

Netto driftsrammer til tenesteområda kjem fram i **Bevilgningsoversikt drift B-del**. Kommunestyret **vedtek** driftsbudsjettet på dette nivået og rekneskapen for 2021 leggst fram på same nivå. Sjå også kommentar under kap. 2.0.

Det er lagt inn innsparing på fleire områder. Desse er kommentert nærmare i kapittel 4 – drift.

2.6 *Økonomiske nøkkeltal og budsjettpremiss*

I tråd med kommuneloven § 14-2, bokstav c og § 14-4 skal det gjerast vedtak om måltal og kva premiss budsjett- og økonomiplanen bygger på.

Kommunestyret vedtok ved behandling av Økonomireglementet, KS-sak 37/20, at kommunen skal ha slike måltal:

- *Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter*
- *Korrigert netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter (korrigert for premieavvik og bruk/avsetning bundne fond)*
- *Lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter*
- *Korrigert lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter (korrigert for lånegjeld knytt til selvkost)*
- *Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter.*

For budsjett og økonomiplan 2021 – 2024 har kommunestyret i KS-sak 88/20 vedteke slike mål:

- Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter: **1,75 %**
- Korrigert netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter: **1,00 %**
- Lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter: **85 %**
- Korrigert lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter: **75 %**
- Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter: **8 %**.

Tekstvedtak som blir vedteke i samband med kommunestyrets behandling av budsjett- og økonomiplanen for 2021 – 2024 er **budsjettpremiss** for det budsjettåret og planperioden. I KS-sak 139/20 vart det gjort slike tekstvedtak:

«PLEIE OG OMSORG

1 Demensomsorg

Kommunedirektøren skal i løpet av første halvår 2021 legge fram en sak som viser hvordan Nord-Fron kommune skal jobbe med demensomsorg i årene som kommer. Demensplanen 2019-2022 må ligge til grunn for videre arbeid. Kommunedirektøren skal gi status på vedtatt handlingsplan og på arbeidet med demensteam, demensvennlig samfunn, bruk av frivillige, velferdsteknologi, kompetansebehov, økonomi, organisering og andre aktuelle temaer på området.

2 Kreftomsorg

Kommunedirektøren skal i løpet av første halvår 2021 legge fram en sak for kommunestyret med status for kreftomsorgen i Nord-Fron kommune. Saken skal også vise hvordan kommunen skal satse på dette området i årene som kommer.

3 Trygghetsalarmer/velferdsteknologi

Kommunestyret ber om en gjennomgang av ordning med trygghetsalarmer i NordFron. Kommunedirektøren legger fram en sak som drøfter om ordningen med trygghetsalarm er god nok, og om vi har riktig mottaksapparat. Saken bør også vurdere om vi har riktig løsning på trygghetsalarmer basert på vedtatt strategi om velferdsteknologi.

4 Helsestasjon

Midlertidige lokaler til helsestasjonen må ha høy prioritet. Kommunedirektøren må innen 1.4 ta en beslutning om midlertidige lokaler for helsestasjonen.

OPPVEKST

5 Bemanning i barnehagen

Kommunestyret ber om at bemanning innen barnehagene blir belyst i forbindelse med sak om skole- og barnehagestruktur. Her skal det belyses om grunnbemanningen er i tråd med gjeldende krav/norm til voksentetthet gjennom hele barnehageuka. De ansattes organisasjoner skal involveres i arbeidet.

KLIMA OG MILJØ

6 Kommunale biler

Fra 1.1.2021 skal det kun kjøpes/leases nullutslippsbiler som tjenestebiler i Nord-Fron

kommune. Unntaket er ved evt spesielle behov som krever 4WD, der det av hensyn til kostnads- eller driftshensyn ikke er egnede nullutslippsalternativer.

I tillegg skal Nord-Fron kommune aktivt legge til rette for ladestasjoner når nye kommunale bygg/prosjekter utvikles.

NÆRING/UTVIKLINGSARBEID

7 Bredbånd i Skåbu

Kommunedirektøren skal i løpet av første halvår legge fram en sak som belyser hvordan vi kan få bygd ut mer høyhastighets bredbånd i Skåbu sentrum og omkringliggende bolig- og hytteområder. Kommunestyret er positiv til et kommunalt engasjement for å få kommersielle aktører til å bygge ut.

8 Næringsutvikling i Kvam

Kommunestyret viser til arbeidet med å få ny aktivitet i området rundt den nedlagte sponplatefabrikken på Kvam, og som formannskapet holdes løpende orientert om. I Side 10 av 13

funksjon 3251 Næringsrettledning er det satt av kr 300.000 årlig til nærings- og utviklingsarbeid. Kommunestyret er positiv til å sette av ytterligere midler dersom det kan gi ny næringsaktivitet på området. Kommunedirektøren legger fram sak om ekstra midler dersom det blir aktuelt.»

Tabellen viser utviklinga av netto driftsresultat:

Tal i 1000	R 18	R19	B20	B21	B22	B23	B24
Netto driftsresultat	-9 268	-18 037	-2 132	-1 018	41	5 224	7 618
I % av driftsinntekter	-1,60 %	-3,1 %	-0,4 %	-0,2 %	0,0 %	0,9 %	1,3 %
Vedteke måltal			1,75 %	1,75 %	1,75 %	1,75 %	1,75 %
Korrigert netto driftsresultat							
i % av driftsinntekter		-3,9 %	-0,6 %	-0,6 %	-0,3 %	0,8 %	1,2 %
Vedteke måltal			1,0 %	1,0 %	1,0 %	1,0 %	1,0 %

Netto driftsresultat viser differansen mellom brutto driftsutgifter og inntekter korrigert for netto utgifter til renter og avdrag. Netto driftsresultat viser kva kommunen har disponibelt til avsetningar til fond og bruk av egne midlar i investeringsbudsjettet.

Korrigert netto driftsresultat i høve til brutto driftsinntekter viser brutto driftsutgifter og inntekter inkl. renter og avdrag, men er korrigert for netto bruk/avsetning til bundne fond og premieavvik. Premieavvik blir ikkje budsjetttert så korrigeringa av dette gjeld berre for rekneskapstal.

Utvikling av lånegjeld og utgifter til renter og avdrag:

Tabellen nedanfor viser opptak av lån til investeringar og startlån. Den viser vidare lånegjeldsutvikling og totale utgifter til renter og avdrag i planperioden.

Tala er basert på dei låneopptaka som er i investeringsbudsjettet (tal i 1.000):

	Lån til inv.	Start lån	Sum låneop.	Lånegj. Pr. 31.12	i % *	Vedteke måltal	Sum avdrag	Sum renter	Sum rent. og avdr.
2019	30 000	3 000	33 000	515 906	87,4 %		26 682	9 541	36 223
2020	40 000	3 000	43 000	520 693	90,6 %	85,0 %	38 213	11 611	49 824
2021	104 396	3 000	107 396	596 684	104,9 %	85,0 %	31 405	10 304	41 709
2022	35 150	3 000	38 150	600 928	106,3 %	85,0 %	33 906	10 776	44 682
2023	17 750	3 000	20 750	587 363	103,8 %	85,0 %	34 315	10 655	44 970
2024	7 900	3 000	10 900	564 340	99,8 %	85,0 %	33 923	10 372	44 296

Tal i 2019 er rekneskapstal og i 2020 er prognose for rekneskap.

*i % av brutto driftsinntekter.

Lånegjelda aukar med om lag 48,4 mill. kr. frå utgangen av 2019 til slutten av planperioden. I 2020 er det lagt inn ekstraordinær innbetaling på avdrag på lån på om lag 8,7 mill. kr. (knytt til Furusjøen V/A, sjå avsnitt om netto driftsresultat). Låneopptak i 2021 inneheld «rest» av låneopptak frå 2020, på om lag 31 mill. kr. Sjå også kommentar under kap. 2.1. om rente og avdragsutgifter.

For nærare informasjon om investeringsprosjekta blir det vist til kap.3.

Korrigert for låneopptak knytt til sjølvkost viser lånegjelda slik utvikling i planperioden:

	Lånegj. pr. 31.12	Sjølvkost	Korrigert lånegjeld	i %	Vedteke måltal
2021	596 684	50 407	546 278	96,0 %	75,0 %
2022	600 928	48 606	552 322	97,7 %	75,0 %
2023	587 363	46 806	540 557	95,6 %	75,0 %
2024	564 340	45 006	519 334	91,8 %	75,0 %

Når det gjeld startlån er det lagt opp til å vidareføre eit låneopptaket på 3 mill. kr. årleg.

Fondsutvikling:

Tabellen viser budsjettert utvikling av dei ulike fondstypene ved utgangen av kvart år i planperioden (tal i 1000):

Tal i 1000	R 19	Progn.R20	B20	B21	B22	B23	B24
Ubunde investeringsfond	11 696	12 135	13 543	10 595	7 643	12 051	12 857
Bunde investeringsfond	2 842	2 856	2 402	2 870	2 885	2 899	2 914
Disposisjonsfond	46 081	34 154	41 968	27 273	26 902	30 972	43 420
Bunde driftsfond	27 868	27 072	13 516	21 061	19 127	18 289	17 488
Sum fond	88 487	76 216	71 429	61 799	56 557	64 211	76 679
Disp.fond i % av driftsinntekter	7,8 %	5,9 %	7,3 %	4,7 %	4,8 %	5,5 %	7,7 %
Måltal	8,0 %	8,0 %	8,0 %	8,0 %	8,0 %	8,0 %	8,0 %

Kolonna «Progn.R-20» er ajourført i tråd med vedtak i kommunestyret gjennom året t.o.m. 31.10.20.

Disposisjonsfond er dei midlane kommunen "fritt" kan nytte til drifts- og investeringsformål. **Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter** er det nøkkeltalet som saman med netto driftsresultat seier kor stor handlefridom kommunen har til å takle utførutsette hendingar og til å eigenfinansiere investeringar. Disposisjonsfond inneheld også premieavviket.

I budsjettet er det brukt 6,0 mill. kr. av disposisjonsfondet i 2021 for å forskuttere refusjon frå Innlandet fylkeskommune knytt til flomsikring av Givra (investeringsprosjekt). Midlane blir attendeført til disposisjonfond ved utbetaling av refusjonen.

Det er lagt inn avsetning til landbruksfond med kr. 200.000 årleg og til næringsfond med kr. 50.000 årleg.

Det er brukt noko disposisjonsfond i 2021 for å saldere budsjettet. Vidare i planperioden er det budsjettert med avsetning til disposisjonsfond.

Ved evt. gode rekneskapsresultat bør det som tidlegare prioriterast å styrke fonda gjennom avsetningar, og ikkje til å påføre kommunen nye varige auka driftsutgifter.

2.7 Investeringsbudsjettet

Det er lagt opp til slike *brutto* investeringar i planperioden:

tal i 1000	2020*	2021	2022	2023	2024	Sum planperioden
Sektor administrasjon	49 550	96 526	62 951	32 950	14 650	207 077
<i>herav IKT</i>	<i>650</i>	<i>1 000</i>	<i>1 500</i>	<i>2 000</i>	<i>1 000</i>	<i>5 500</i>
Sektor oppvekst	850	1 525	1 050	0	500	3 075
Sektor helse	1 400	3 300	1 150	1 800	800	7 050
Brutto investeringer	51 800	101 351	65 151	34 750	15 950	217 202

*Opprinneleg budsjett

Kommunestyret **vedtar** investeringsbudsjettet på dette nivået, jfr. **budsjettskjema 2b**, og rekneskapsen for 2021 leggst fram på same nivå.

Alle investeringar er kommentert under kap. 3 «Kommentarar til investeringsbudsjettet».

Liste over samtlige investeringsprosjekt er vedlagt budsjettet.

Totale investeringar for dei ulike åra og finansiering av investeringane går fram av tabellen:

tal i 1000	2020*	2021	2022	2023	2024	Sum planperioden
Brutto investeringer	51 800	101 351	65 151	34 750	15 950	217 202
Bruk av lån	-45 858	-73 340	-35 150	-17 750	-7 900	-134 140
Tilskudd/sal/refusjonar	-1 712	-2 410	-16 000	-10 400	-6 000	-34 810
Momskompensasjon	-4 230	-18 000	-10 000	-5 000	-1 250	-34 250
Bruk av fond	0	-7 600	-4 000	-1 600	-800	-14 000
Sum finansiering	-51 800	-101 351	-65 151	-34 750	-15 950	-217 200
Lånefin.grad	-88,5 %	-72,4 %	-54,0 %	-51,1 %	-49,5 %	-61,8 %
Eigenk.grad	0,0 %	-7,5 %	-6,1 %	-4,6 %	-5,0 %	-6,4 %

*Opprinneleg budsjett

Samla investeringsbudsjett (inkl. avsetningar og startlån) for planperioden er 248,2 mill. kr., der brutto investeringar utgjer 217,2 mill.kr.

Det er lagt opp til at IKT-investeringar, som har kort levetid, blir finansiert med bruk av investeringsfond.

2.8 Driftsbudsjettet fordelt på artsgrupper

Tabellen viser utviklinga av dei ulike kostnadsartane innafor verksemdsområda frå opprinneleg budsjett 2020 til 2021.

Tal i 1000	Budsjett 2020	Budsjett 2021	%-vis endr. B20 - B21
Lønsutgifter (art 10)	356 184	350 151	-1,7 %
Varer / tenester innan komm. produksjon (art 11 og 12)	70 359	79 669	13,2 %
Varer / tenester som erstattar komm. produksjon (art 13)	72 431	64 590	-10,8 %
Overføringar (art 14)	35 938	45 506	26,6 %
Finansieringsutgifter / transaksjonar (art 15)	216	826	282,4 %
Sum utgifter	535 128	540 742	1,0 %
Salsinntekter (art 16)	-68 709	-69 423	1,0 %
Refusjonar (art 17)	-54 740	-58 196	6,3 %
Overføringar (art 18)	-3 876	-3 626	-6,4 %
Finansinntekter / transaksjonar (art 19)	-2 073	-2 865	38,2 %
Sum inntekter	-129 398	-134 110	3,6 %
Nettoutgift planområda	405 730	406 632	0,2 %

Kommentar til nokre endringar:

Lønsutgifter (art 10)*. Lønnsutgifter inkl. sosiale utgifter er redusert med 1,7 %. Nedgangen er i hovudsak knytt til reduksjon av pensjonspremien.

Varer / tenester som erstattar komm. produksjon (art 13) og overføringar (art 14): Endring frå 2020 til 2021 er i stor grad knytt til endring av art. Det betyr at desse to må sjåast saman. Utgifter til Covid-19 som følgje av auka rammetilskott på om lag 5,2 mill. kr. er lagt inn på eige ansvar (200) og er inntil vidare knytt opp mot art 11.

3. KOMMENTARAR TIL INV. BUDSJETTET

3.0 *Innleiing*

Det er budsjettert med investeringar for netto 134,1 mill. kr. (brutto 201,1 mill. kr.) i planperioden, og av dette er det budsjettert med 73,3 mill. kr. i 2021.

Det er lagt opp til at IKT-investeringar, som har kort levetid, blir finansiert med bruk av fond. I tillegg er det ved forskuttering av refusjonar/tilskott lagt opp til bruk av fond for å unngå låneopptak til dette. Når refusjonen/tilskottet blir utbetalt blir det ført attende til fondet. Samla bruk av lån i planperioden er 134,1 mill.kr. Av dette er 39 mill. kr. relatert til sjølvkostprosjekt.

Investeringsbudsjettet vart frå 2020 delt inn i desse **rammeområda**:

- Sektor administrasjon
- Sektor oppvekst
- Sektor helse

I investeringsbudsjett er intensjonen å ha eit realistisk ambisjonsnivå. I tillegg til dei investeringane som er ført opp i planperioden kjem, på lik linje med tidlegare år, oppregulering/rebudsjettering av investeringsprosjekt som ikkje er fullført i 2020. Det blir også vist til KS-sak 86/20 der det vart vedteke nedregulering av investeringsbudsjett på til saman 33,075 mill. kr., og KS-sak 123/20 der investeringsbudsjettet vart nedregulert med til saman 22,565 mill. kr.

Det vil bli nokre justeringar ved oppregulering i 2020. Det heng saman med kor mykje som står att på prosjektet frå 2020 (ubrukne midlar). Dette kan også gjelde overføring av restmidlar for nokre fleire, mindre prosjekt.

Prosjekta som er nedregulert i KS-sak 86/20 og 123/20 er lista opp brutto på neste side.

			Nedreg. 1 KS 86/20	Nedreg. 2 FS 175/20	Kommentar
Ansvar	Prosjekt				
441	2052	ENØK-TILTAK		-1 200	
441	2096	STØTTEMUR / PARKERING K-HUS	-2 000	-2 000	0,35 mill.kr. omdisponert til tak teststasjon Kåja.
441	3218	MILJØFYRTÅRN	-250		
442	3229	GIVRAVN. 2	500		
442	5059	UTBEDRING SØDORP KIRKE	-5 000		
442	9737	KORONA VIRUS	350		
443	2009	BUSTADOMRÅDE - TOKSEFELTET	-2 500	-1 000	
443	2019	LOMOEN INDUSTRIOMRÅDE		-2 000	
443	2050	KJØP AV BIL		-350	
443	2087	KOSTNADER NY E6		-900	
443	2091	TORG I KVAM	-200		
443	2094	BUSTADOMRÅDE - GUNNERSVINGEN	-1 650		
443	3013	KOMMUNALE VEGER, FASTE DEKKER		-500	
443	3050	FURUSJØEN V/A		-10 000	
443	3063	G/S-VEG BYREVEGEN-BRAKJEVEGEN	-1 700		
443	3105	SNØDEPONI	-1 250		
443	3188	FLOMSIKRING/OVERVANN VINSTRA	-2 800		
443	3196	FLOMSIKRING GIVRA		7 500	
443	3208	RASSIKRING		-6 600	
443	3219	AREAL OG TRANSP.PLANL. (PROSJEKTER)	-2 500		
443	3220	RIVING MIDLERTIDIG BRU		-400	
443	3222	RONDABLIKKDOKKA		-623	
444	3022	VINSTRA RENSEANLEGG, OMLEGGING TIL PUMPESTASJON	-1 300	-547	
444	3029	VANNLEDN. TIL BRATTLIFLATA VASSVERK		-345	
444	3124	UTVIDING FRYA RENSEANLEGG	-2 500		
444	3163	OVERFØRINGSANLEGG TIL FRYA	-2 400		
444	3192	KLOAKKLEDNINGER INNLEKKING	-6 000	-2 000	
453	6078	IKT - TELEFONI LEGEKONTOR		-400	
453	8001	IKT - FELLESUTGIFTER DATASENTER		-200	
510	4027	VEDLIKEHOLD/UTBEDRING SKÅBU SKOLE	-250		
510	4073	AGGREGAT DATAROM VUS	-200		
510	4100	RUSTE BH - SONER KJØKKEN	-175		
610	6008	STØRRE VEDLIKEHOLD SUNDHEIM		-1 000	
610	6044	OMSORGSBUSTAD TFF	-500		Omdisponert til prosjekt 3229 Givra.vn.2
610	6090	LEGEKONTOR VENTILASJON	-750		

Når det gjeld prosjekt 3196 Flomsikring Givra har det i 2020 gått ut noko meir enn budsjett. Dette vil difor bli sett opp mot prosjekt 3050 Furusjøen V/A. Det innebærer at ved oppregulering i 2021 vil deler av budsjett i 2021 til Flomsikring Givra bli overført til Furusjøen V/A.

Større investeringsprosjekt på samla over 1 mill. kr. netto i planperioden

(investeringsprosjekt der det berre er oppregulering av ubrukte midlar frå 2020, og ikkje nye midlar i planperioden, er ikkje tatt med):

- IKT: Det er sett av 0,8 mill. kr. i 2021. Vidare i planperioden er det avsett til saman 3,64 mill. kr. til ulike IKT-prosjekt. Det er lagt opp til at investeringane blir finansiert med bruk av investeringsfond. . I tillegg kjem oppregulering av ubrukte midlar frå 2020 (til saman 0,48 mill. kr., der 0,32 mill. kr. er knytt til telefoni på legekantoret).
- Grunnkjøp / grunnerstatning: Det er sett av 0,4 mill. kr. årleg i planperioden.
- Utsifting av bilar: Det er sett av til saman 1,12 mill. kr. i planperioden til utskifting av bilar. I tillegg kjem oppregulering av ubrukte midlar frå 2020 (0,28 mill. kr.).
- Generelt vedlikehald kommunale vegar: Til fast dekke er det avsett 1,2 mill. kr. årleg i planperioden. I tillegg kjem oppregulering av ubrukte midlar frå 2020 (0,4 mill. kr.).
- Flomsikring av Givra/Vinstra park: Det er sett av til saman 59,45 mill. kr. til gjennomføring av tiltaket i åra 2021 - 2022. I netto-talet er forventa tilskott teke hensyn til. I tillegg kjem oppregulering av ubrukte midlar frå 2020 (0,75 mill. kr.). Sjå også kommentar på side 22 knytt til omdisponering i 2020 mellom prosjekt 3050 Furusjøen VA og 3196 Flomsikring Givra.
- Ombygging kommunehuset: For ombygging / tilpasning av lokaler på kommunehuset er det sett av 2,35 mill. kr. i 2023.
- Universell utforming: For tilrettelettleiing for universell utforming ved ulike kommunale bygg er det sett av til saman 1,29 mill. kr. i planperioden.
- Utbetring Kåja festivalområde: Det er sett av opp til saman 1,23 mill. kr. i 2021 og 2022 til ulike utbedringar av festivalområdet.
- Kvikne kyrkje: Det er ført opp 1,6 mill. kr. i 2021 for å gjennomføre utbetringar ved kyrkja.
- Sødorp kyrkje: For utbetring av m.a. taket er det sett av opp 4,1 mill. kr. i 2022. I tillegg kjem oppregulering av ubrukte midlar frå 2020 (4,0 mill. kr.).
- Bustadområde Midtmoen: Det er sett av 4,1 mill. kr. for opparbeiding av nye tomter i 2022.
- Bygging borettslag: Til bygging av borettslag i Midtmoen er det sett av netto 2,0 mill.kr. I netto-talet er forventa tilskott og sal av bustadene teke hensyn til.
- Mindre nyanlegg kloakk: De er ført opp til saman 4 mill. kr. i planperioden.
- Vinstra renseanlegg (omlegging til pumpestasjon): I samband med at Vinstra renseanlegg skal byggast om til pumpestasjon er det sett av 2,5 mill. kr. i 2021. I tillegg kjem oppregulering av ubrukte midlar frå 2020 (1,847 mill.kr.).
- Innlekking: For å redusere innlekking på kloakkledningsnettet er det avsett til saman 14 mill. kr. i planperioden. Prosjektet må sjåast i samanheng med vedtak i

representantskapet for interkommunale ordningar, og jf. KS-sak 130/15, der alt avløp skal overføres til Frya RA og Vinstra Renseanlegg blir nedlagt. I tillegg til midlar ført opp i planperioden kjem oppregulering av ubrukte midlar frå 2020 (8,0 mill.kr.).

- Oppgradering av vassleidningar: Det er avsett 0,5 mill. kr. årleg i planperioden.
- Vassledning til Brattliflata vassverk: Det er sett av til saman 11 mill. kr. i planperioden. I tillegg kjem oppregulering av ubrukte midlar frå 2020 (0,345 mill. kr.).
- Utbetring Strandgata: Det er sett av 2 mill. kr. i 2021 for utbetring av avløpsrør i Strandgata.
- Vassledning Moafeltet i Kvam: For totalrenovering av vassledning i Moafeltet er det sett av 2 mill. kr. i 2022.
- Driftsovervåkning: Det er sett av 1,5 mill. kr. i 2021 for innkjøp av nytt system for driftsovervåkning av vatn/avløp.
- Skolebygg: Til ulike mindre investeringar knytt til skolebygg er det ført opp til saman 1,36 mill. kr. i planperioden. I tillegg kjem oppregulering av ubrukte midlar frå 2020 (0,41 mill. kr.).
- Barnehagebygg: Det er ført opp til saman 1,1 mill. kr. i planperioden til prosjekt knytt til barnehagebygg. I tillegg kjem oppregulering av ubrukte midlar frå 2020 (0,135 mill. kr.).
- Trygdebustader: Det er ført opp 0,4 mill.kr. årleg i planperioden for større vedlikehald/rehabilitering av bustadene.
- Omsorgsbustad TFF: Det er ført opp netto 0,97 mill. kr. i 2021 for bygging av ny bustad ved TFF. I netto-talet er forventa tilskott frå Husbanken teke hensyn til. I tillegg kjem oppregulering av ubrukte midlar frå 2020 (0,4 mill.kr.).
- Sundheim, vidare utbygging: Det er ført opp til saman 1,15 mill. kr. i åra 2022 og 2023 for å starte arbeidet med vidare utbygging ved Sundheim.

Generelt om inv.budsjett:

Meirverdiavgift:

Kostnader blir som hovedregel ført brutto, dvs. inkl. mva. på det enkelte prosjekt i investeringsbudsjettet. Meirverdiavgift (momskompensasjon) blir inntektsført på egen funksjon.

Det er unntak for vatn/avløp. For disse prosjekta gjeld ikkje momskompensasjon, men ordinær meirverdiavgift. Kostnaden blir da ført netto, dvs. eks. mva, på det enkelte prosjekt. Meirverdiavgifta blir rekneskapsført i balanse.

Frå og med budsjett 2021 blir oversikt over investeringsprosjekta presentert med netto kostnad. For prosjekt der det blir lagt til grunn tilskott, refusjoner og liknande er dette omtalt særskilt (gjeld ikkje momskompensasjon).

3.1 Sektor administrasjon

Sektor administrasjon inneheld tenesteområda personal/organisasjon, økonomi/innkjøp teknisk/plan, kultur/næring/ikt. Under tenesteområda kan det vera eit eller fleire delansvar.

I investeringsbudsjettet er det brukt følgjande delansvar knytt til sektoren:

Delansvar 440 – Eigedom og infrastruktur

Delansvar 441 – Kommunale bygg

Delansvar 442 – Utleigebygg

Delansvar 444 – Sjølvkostområder

Delansvar 453 – Arkiv og IKT

Delansvar 490 - Interkommunale selskap.

Det blir vist til reduksjon i stillingar kommentert under kapittel 4.

I tillegg til reduksjonen er det er lagt til grunn at til saman 1,9 stillinga blir ført i investering for gjennomføring av ulike investeringsprosjekt, samt 0,4 årsverk knytt til planlegging.

Delansvar 441 – Kommunale bygg

Prosjekt 2039 Ombygging kommunehuset.

Det er ført opp 2,35 mill. kr. i 2022 til ferdigstilling av mellombygget i 2. etasje (mellom Nedregt 50 og 54), samt utbetring av ventilasjonsanlegget.

Prosjekt 2052 ENØK-tiltak.

Det er ikkje ført opp nye midlar til prosjektet i planperioden, men ubrukte midlar frå 2020 (0,96 mill. kr.) vil bli oppregulert/rebudsjettet i 2021 jf. KS-sak 123/20 .

Prosjekt 2068 Låsesystem.

For å få eit betre låsesystem på dei viktigaste kommunale bygga er det ført opp 0,16 mill. kr. i åra 2022 og 2024.

Prosjekt 2081 Utbetring etter tilsyn.

Det er ført opp 0,16 mill. kr. årleg i planperioden til oppfølging/utbetring etter tilsyn (radon, brann, el-tilsyn) samt skifting av el-tavler på kommunehuset.

Prosjekt 2096 Støttemur / parkering kommunehuset.

Det er ikkje ført opp nye midlar til prosjektet i planperioden, men ubrukte midlar frå 2020 (2,9 mill. kr.) vart nedregulert i 2020 jf. KS-sak 86/20 og 123/20 og vil bli oppregulert i 2021.

Prosjekt 3207 Fiberutbygging.

For tilrettelegging for fiber ved fleire kommunale bygg er det lagt inn 0,24 mill. kr. årleg i 2021, 2022 og 2023.

Prosjekt 3218 Miljøfyrtårn.

Det er ikkje ført opp nye midlar til prosjektet i planperioden, men ubrukte midlar frå 2020 (0,2 mill. kr.) vart nedregulert i 2020 jf. KS-sak 86/20 og vil bli oppregulert i 2021.

Prosjekt 3224 Tilrettelegging for universell utforming.

For tilpasning til universell utforming ved ulike kommunale bygg er det ført opp 0,89 mill. kr. i 2022 og 0,2 mill. kr. i 2023 og 2024. Tidlegare prosjekt 5068 Universell utforming Kvam Trivselsbad er innlemma i dette prosjektet.

Delansvar 442 – Utleigebygg

Prosjekt 2006 Utbetring Kåja festivalområde.

Til utbetring av m.a. gjerde og amfi i Kåja er det ført opp til saman 1,23 mill. kr. i 2022 og 2023.

Prosjekt 3217 Utbetring Kvikne kyrkje.

For utbedring av setningsskader er det ført opp 1,6 mill. kr. i 2021.

Prosjekt 5059 Utbetring Sødorp kyrkje.

Det er ført opp til saman 4,1 mill. kr. i 2022 til å skifte tak/delar av taket på kyrkja. I tillegg kjem oppregulering av ubrukte midlar frå 2020 (4 mill. kr.) jf. KS-sak 86/20.

Delansvar 443 Plan og tekniske tenester**Bustadbygging**

Det er sett av midlar til opparbeiding av tomter i Midtmoen i 2022. Dette må også sjåast i samanheng med nytt prosjekt knytt til bygging av burettslag.

I tillegg kjem oppregulering av ubrukte midlar frå 2020 knytt til Toksefeltet (2,8 mill. kr.) jf. KS-sak 86/20 og 123/20.

Det er budsjettert med sal av tomter på Midtmoen og i Toksefeltet i planperioden. Inntekter ved sal av bustadtomter blir avsett til ubunde investeringsfond.

Satsane for tomtekjøp og refusjon vart behandla i KS-sak 137/20. Satsane for refusjon for tomter (utanom Skåbu) vart auka frå kr. 205.000 i 2020 til kr. 230.000 i 2021. Prisen inkluderar refusjon for kabelanlegg/gatelys. I saka vart det gjort vedtak om at alle satsar for refusjon skal aukast med kr. 100.000 frå 1.3.2021, og at det for kommunale tomter opparbeidd etter 1.1.2021 blir innført prinsipp om kostpris. Vidare skal det frå 1.3.2021 innførast eit tilskott på kr. 100.000 pr. bustad for alle som bygger ny bustad til eige bruk i kommunene. Detaljer rundt prising av tomter frå 1.3.2021, og retningslinjer for tilskott til bustader skal til behandling i kommunestyret 23.2.2021.

Tabell over *byggjeklare tomter* i dei ulike bustadområda i Kvam, Vinstra, Skåbu:

	Område	Ledige
Vinstra	Toksefeltet, eldre tomter	3
	Toksefeltet, nytt felt*	1
Sorperoa	Midtmoen	1
	Knutsmorka	0
Ruste	Huskero	1
	Brandstad	2
Kvam	Per Smed-lykkja	1
	Skreddarstuggu	1
	Bergum	2
	Sentrum (flomtomter)	4
Skåbu	Austli	6

*Nordbohus har opsjon på tomta.

Prosjekt 2004 Grunnkjøp.

For å kunne kjøpe areal er det ført opp 0,4 mill. kr. årleg i planperioden.

Dette kan gjelde både ordinært kjøp av areal, og kjøp der pris blir fastsett ved skjønn.

Prosjekt 2009 Toksefeltet bustadområde.

Det er ikkje ført opp nye midlar til prosjektet i planperioden, men ubrukte midlar frå 2020 (2,8 mill. kr.) vart nedregulert i 2020 jf. KS-sak 86/20 og 123/20, og vil bli oppregulert i 2021.

Det er lagt opp til sal av seks tomter i Toksefeltet fordelt på åra 2022-2024.

Vidare opparbeiding sjåast også i samanheng med vidare *flomsikring/overvann Vinstra* (prosjekt 3188).

Prosjekt 2022 Midtmoen bustadområde.

Til opparbeiding av 20 tomter ved Midtmoen bustadområde er det ført opp 4,1 mill. kr. i 2022. Opparbeiding av tomter må gjerast samla og kan ikkje splittast opp av omsyn til geografiske forhold. Prosjektet må også sjåast i samanheng med bygging av borettslag, prosjektet 3225.

Det er lagt opp til sal av tilsaman 7 tomter i 2023 og 2024. Dette inkluderer sal av tomt knytt til borettslaget (jf. prosjekt 3225).

Prosjekt 2094 Gunnersvingen bustadområde.

Det er ikkje ført opp nye midlar til prosjektet i planperioden. Ubrukte midlar frå 2020 (1,32 mill. kr.) vart nedregulert i 2020 jf. KS-sak 86/, og vil bli vurdert oppregulert i 2021.

Prosjekt 3225 Bygging borettslag.

I tråd med KS-sak 39/20 og 57/20 er det ført opp midler til bygging av borettslag i Midtmoen. Brutto er det ført opp 20 mill. kr. i planperioden fordelt på åra 2021, 2022 og 2023.

Netto kommunal kostnad er lagt inn med 2 mill. kr. Dette er knytt til personalbase. I tråd med sak 39/20 er det lagt opp til at øvrig investering knytt til prosjektet blir dekkja gjennom tilskott frå Husbanken, moms og sal av bustadene. Sjå også prosjekt 2022 Bustadområde Midtmoen.

Tilskott og inntekt gjennom sal kjem etterskottsvis. For å unngå opptak av lån for kostnader som seinare blir refundert, er det lagt opp til avstemming ved bruk av/avsetning til fond (bortsett frå den kommunale delen på 2 mill. kr.).

Detaljert oppsett over prosjektet i planperioden (tal i 1000):

	2021	2022	2023	2024	SUM
Brutto inv.	1.000	6.000	13.000		20.000
Moms	-200	-1.200	-2.600		-4.000
Tilskudd			-5.800		-5.800
Sal			-8.200		-8.200
Netto	800	4.800	-3.600		2.000
Bruk/avs.fond	-800	-2.800	3.600		0
Bruk av lån		-2.000			-2.000
Sum finansiering	-800	-2.800	3.600		-2.000

Prosjekt 2019 Lomoen industriområde.

Det er ikkje ført opp nye midlar til prosjektet i planperioden, men ubrukte midlar frå 2020 (1,57 mill. kr.) vart nedregulert i 2020 jf. KS-sak 123/20 og vil bli oppregulert i 2021.

Prosjekt 2050 Kjøp av bil.

Det er ført opp kr. 280.000 årleg til utskifting av bilar. I tillegg kjem oppregulering av ubrukte midlar frå 2020 (0,28 mill. kr.) jf. KS-sak 123/20.

Prosjekt 2070 Kjøp av maskiner.

Til utskifting av maskiner/utstyr (plenklipparar, reinhaldsmaskiner, tilhenger o.a.) er det ført opp kr. 160.000 årleg i planperioden.

Prosjekt 2087 Kostnader ny E6.

Det er ikkje ført opp nye midlar til prosjektet i planperioden, men ubrukte midlar frå 2020 (0,72 mill. kr.) vil bli oppregulert/rebudsett i 2021 jf. KS-sak 123/20 .

Prosjekt 2091 Torg i Kvam.

Det er ikkje ført opp nye midlar til prosjektet i planperioden, men ubrukte midlar frå 2020 (0,16 mill. kr.) vart nedregulert i 2020 jf. KS-sak 86/20 og kan eventuelt bli oppregulert i 2021.

Prosjekt 3013 Kommunale vegar, fast dekke.

Det er ført opp 1,2 mill. kr. årleg i perioden for legging av faste dekker på kommunale vegar. I tillegg kjem oppregulering av ubrukte midlar frå 2020 (0,4 mill. kr.) jf. KS-sak 123/20.

Prosjekt 3015 Gatelys.

For utskifting av gatelys/armatur er det ført opp kr. 80.000 årleg.

Prosjekt 3025 Rekkverk.

Det er ført opp kr. 240.000 årleg til rekkverk/autovern. Dette gjeld både større utbetring/reparasjon og nyanlegg.

Prosjekt 3050 Furusjøen V/A.

Det er ikkje ført opp nye midlar til prosjektet i planperioden, men ubrukte midlar frå 2020 vil bli oppregulert i 2021 jf. KS-sak 123/20. Prosjektet vart nedregulert med 10,0 mill. kr. På prosjekt 3196 Flomsikring Givra har det i 2020 gått ut noko meir enn budsjett. Dette vil difor bli sett opp mot prosjekt 3050 Furusjøen V/A. Det innebærer at ved oppregulering i 2021 vil deler av budsjett i 2021 til Flomsikring Givra bli overført til Furusjøen V/A.

Prosjekt 3063 G/S-veg Byrevegen/Brakjevegen.

Det er ikkje ført opp nye midlar til prosjektet i planperioden, men ubrukte midlar frå 2020 (netto 0,96 mill. kr.) vart nedregulert i 2020 jf. KS-sak 86/20 og vil bli oppregulert i 2021. I netto sum frå 2020 er det lagt til grunn trafikksikringsmidlar på kr. 400.000.

Prosjekt 3105 Snødeponi.

Det er ikkje ført opp nye midlar til prosjektet i planperioden, men ubrukte midlar frå 2020 (1,00 mill. kr.) vart nedregulert i 2020 jf. KS-sak 86/20 og vil bli oppregulert i 2021.

Prosjekt 3188 Flomsikring/overvann Vinstra.

Det er ikkje ført opp nye midlar til prosjektet i planperioden, men ubrukte midlar frå 2020 (2,23 mill. kr.) vart nedregulert i 2020 jf. KS-sak 86/20 og vil bli oppregulert i 2021.

Prosjektet sjåast i samanheng med *prosjekt 2009 Toksefeltet bustadområde* og vidare opparbeiding av tomter der.

Prosjekt 3196 Flomsikring Givra og Prosjekt 5055 Vinstra Park.

Det blir vist til KS-sak 95/20. Der ført opp til saman 59,45 mill. kr. til prosjekta fordelt på åra 2021 og 2022. I netto-talet er forventa tilskott og refusjon teke hensyn til. Dette gjeld ATP-midlar (1,35 mill.kr), NVE-tilskott (16,0 mill. kr.) og refusjon frå fylkeskommunen (6,0 mill. kr). Det er lagt opp til at forskottering av refusjon frå fylkeskommunen blir dekket med bruk av fond, og at refusjonen blir attendeført til fondet når den blir utbetalt frå fylkeskommunen.

I tillegg kjem oppregulering av ubrukte midlar frå 2020 (netto 0,75 mill. kr. knytt til ATP-prosjekt). Det har i 2020 gått ut noko meir enn budsjett på prosjektet. Dette vil difor bli sett opp mot prosjekt 3050 Furusjøen V/A. Det innebærer at ved oppregulering i 2021 vil deler av budsjett i 2021 til Flomsikring Givra bli overført til Furusjøen V/A.

Sjå også kommentar om prosjektet under ansvar 444 Sjølvkostområder.

Prosjekt 3220 Riving midlertidig bru Vinstra.

Det er ikkje ført opp nye midlar til prosjektet i planperioden, men ubrukte midlar frå 2020 (0,32 mill. kr.) vart nedregulert i 2020 jf. KS-sak 123/20 og vil bli oppregulert i 2021.

Prosjekt 3222 Rondablikkdokka.

Det er ikkje ført opp nye midlar til prosjektet i planperioden, men ubrukte midlar frå 2020 (0,5 mill. kr.) vart nedregulert i 2020 jf. KS-sak 123/20 og vil bli oppregulert i 2021.

Delansvar 444 – Sjølvkostområder

Prosjekta påverkar sjølkostberegninga knytt til vatn og avløp gjennom kostnader knytt til avskrivning og kalkulatorisk rente.

Prosjekt 3006 Driftsovervåkning vatn/avløp.

For innkjøp av nytt system knytt til driftsovervåkning av vatn og avløp er det ført opp 1,5 mill. kr. i 2021.

Prosjekt 3007 Kloakk, mindre nyanlegg.

I samband med arbeidet med å føre fram vassleidning til Brattliflata vassverk er det hensiktsmessig at det blir tilrettelagt for tilknytning til kloakkanlegg samtidig. Det er ført opp til saman 4 mill. kr. fordelt på år 2021, 2022 og 2024 til dette og andre mindre nyanlegg. Sjå også *prosjekt 3029 Brattliflata vassverk*.

Prosjekt 3022 Vinstra renseanlegg – omlegging til pumpestasjon.

Det er ført opp 2,5 mill. kr. i 2021 for tilpassingar av anlegget slik at det kan byggast om til pumpestasjon. I tillegg kjem oppregulering av ubrukte midlar frå 2020 (1,85 mill. kr.) jf. KS-sak 86/20 og 123/20. Sjå også *prosjekt 3124 Utviding Frya Renseanlegg*.

Prosjekt 3029 Brattliflata vassverk.

For utbetring av høgdebassenget og bygging av ny leidning frå Vinstra til Brattliflata er det ført opp til saman 11 mill. kr. i 2022 og 2023. I tillegg kjem oppregulering av ubrukte midlar frå 2020 (0,35 mill. kr.) jf. KS-sak 123/20.

Sjå også *prosjekt 3007 Kloakk, mindre nyanlegg*.

Prosjekt 3124 Utviding Frya Renseanlegg.

Vidare samarbeid om Frya Renseanlegg vart behandla i ekstraordinært møte i representantskapet for interkommunale ordningar 9.10.15 og vedteke i kommunestyret 23.11.2015, KS-sak 130/15. Det er ikkje ført opp nye midlar til prosjektet i planperioden, men ubrukte midlar frå 2020 (2,5 mill. kr.) vart nedregulert i 2020 jf. KS-sak 86/20 og vil bli oppregulert i 2021. Det blir også vist til *prosjekt 3192 Kloakkledninger innlekking*, *prosjekt 3022 Vinstra renseanlegg* og *prosjekt 3163 Overføringsanlegg til Frya*.

Prosjekt 3163 Overføringsanlegg til Frya.

Det er ikkje ført opp nye midlar til prosjektet i planperioden, men ubrukte midlar frå 2020 (2,4 mill. kr.) vart nedregulert i 2020 jf. KS-sak 86/20 og vil bli oppregulert i 2021.

Tiltaket heng saman med utbygginga ved Frya Renseanlegg, sjå også *prosjekt 3124 Frya Renseanlegg*, *3022 Vinstra renseanlegg* og *3192 Kloakkledninger innlekking*.

Prosjekt 3192 Kloakkledninger innlekking.

I samband med vedtak om vidare drift ved Frya Renseanlegg har Nord-Fron forplikta seg til å redusere innlekking på kloakkledningsnettet. Det er ført opp til saman 14 mill. kr. til arbeidet i planperioden. I tillegg kjem oppregulering av ubrukte midlar frå 2020 (8,0 mill. kr.) jf. KS-sak

86/20 og 123/20. Prosjektet inkluderar i 2021 separering av overvatn/avløpsvatn ved Telegrafan på Vinstra. Sjå også *prosjekt 3124 Utviding Frya Renseanlegg*.

Prosjekt 3196 Flomsikring Givra

Noko av kostnadene knytt til flomsikring av Givra gjeld utbetring av vatn/avløp og vil bli ført på sjølvkostområdet. Det er pr. no ikkje klart kor mykje dette utgjer, og totaltsummen på prosjektet er difor inntil vidare ført opp på ansvar 443.

Prosjekt 3203 Vassleidning – oppgradering.

Det er ført opp 0,5 mill. kr. årleg til oppgradering av vassleidningar på Vinstra, i Kvam og i Skåbu.

Prosjekt 3226 Utbetring Strandgata.

For utbetring av avløpsrør i Strandgata er det ført opp 2 mill. kr. i 2021.

Prosjekt 3227 Vassledning Moafeltet, Kvam.

Det er ført opp 2 mill. kr. i 2022 til totalrenovering av vassledning i Moafeltet, Kvam.

Delansvar 453 – Arkiv og IKT

Prosjekt 6078 IKT-telefoni Legekantor.

Det er ikkje ført opp nye midlar til prosjektet i planperioden, men ubrukte midlar frå 2020 (0,32 mill. kr.) vil bli oppregulert/rebudsjettet i 2020 jf. KS-sak 123/20.

Prosjekt 8001 IKT Fellesutgifter datasenter

Til ulike IKT-investeringar er det satt av kr. 4,4 mill. kr. i planperioden.

Dette gjeld m.a. utskiftning av terminalar til PC, AV-ustyr, oppgradering av teminalserver og Office 365 samt telefonsentral. Det er lagt opp til at IKT-investeringar skal finansierast med bruk av investeringsfond.

I tillegg kjem oppregulering av ubrukte midlar frå 2020 (0,2 mill. kr.) jf. KS-sak 123/20.

Delansvar 490 – Interkommunale selskap (under sektor adm.)

Prosjekt 3148 Geodata/kart (GIS).

Det er ført opp ein netto kostnad på kr. 40.000 i 2020 til nye modular relatert til kartsystemet. I netto-talet er forventa refusjon frå Sør-Fron og Ringeby (0,6 mill. kr.) teke hensyn til.

Budsjettet er i tråd med vedtak i representantskapsmøte for interkommunale ordningar 21.10.2020.

Prosjekt 5022 Svømmehall Fron badeland.

Til større vedlikehald og utbetringar ved Fron Badeland er det ført opp kr. 250.000 årleg i planperioden. Budsjettet er i tråd med vedtak i representantskapsmøte for interkommunale ordningar 21.10.2020.

3.2 Sektor oppvekst

Sektor oppvekst inneheld tenestekområda innan skole og barnehage, samt interkommunale selskap knytt til oppvekst.

I investeringsbudsjettet er alle prosjekta knytt til sektoren ført opp under ansvar 510 Sektor Oppvekst.

Prosjekt 4010 Større vedlikehald Sødorp skole.

Det er ført opp kr. 160.000 i 2021 til himling og personaltoalett på SFO-avdelinga samt ny kjøkkeninnreiing ved personalavdelinga. I 2022 er det ført opp 0,48 mill. kr. til renovering av toalett for elevar/lærarar.

Prosjekt 4025 Vedlikehald Kvam skole.

Det er ført opp kr. 360.000 i 2022 til nytt kjøkken på SFO-avdelinga samt oppgradering av grupperom og personalrom.

Prosjekt 4027 Vedlikehald Skåbu Oppvekst.

For utbetring etter større vasskade og drenering er det ført opp kr. 280.000 i 2021. I tillegg kjem oppregulering av ubrukte midlar frå 2020 (0,25 mill. kr.) jf. KS-sak 86/20.

Prosjekt 4037 Uteanlegg Sødorp skole.

For tilrettelegging av fleire parkeringsplassar rundt Sødorp skole og Vinstra ungdomsskole er det ført opp kr. 80.000 i 2021.

Prosjekt 4047 Ruste barnehage.

Det er ført opp kr. 400.000 i 2021 for utskifting av varmeveksler samt utbetring av gammelt røropplegg.

Prosjekt 4073 Aggregat datarom VUS.

Det er ikkje ført opp nye midlar til prosjektet i planperioden, men ubrukte midlar frå 2020 (0,16 mill. kr.) vart nedregulert i 2020 jf. KS-sak 86/20 og vil bli oppregulert i 2021.

Prosjekt 4100 Ruste barnehage – soner kjøkken.

For tilpasningar av kjøkkenet er det sett av kr. 300.000 i 2010. I tillegg kjem oppregulering av ubrukte midlar frå 2020 (0,135 mill. kr.) jf. KS-sak 86/20.

Prosjekt 4103 Uteområde Toksebakken.

For utbetring og tilrettelegging av uteområdet i Toksebakken barnehage er det ført opp 0,4 mill. kr. i 2024.

3.3 Sektor helse

Sektor helse inneheld tenesteområda innan pleie/omsorg, tenester for funksjonshemma og forebyggjande tenester samt, samt interkommunale selskap knytt til helse.

I investeringsbudsjettet er alle prosjekta knytt til sektoren ført opp under ansvar 610 Sektor Helse.

Prosjekt 6004 Større vedlikehald Trygdebustader.

Til større vedlikehald av trygdebustader er det ført opp 0,4 mill. kr. årleg i planperioden.

Prosjekt 6008 Større vedlikehald Sundheim.

Til vedlikehald av gjenverande bygningsmasse er det ført opp til saman 0,84 mill. kr. i planperioden. . I tillegg kjem oppregulering av ubrukte midlar frå 2020 (0,8 mill. kr.) jf. KS-sak 123/20.

Prosjekt 6044 Omsorgsbustad TFF.

Til bygging av ny bustad ved TFF er der ført opp 0,97 mill. kr. i 2021. Det er teke høgde for tilskott frå Husbanken på 1 mill. kr.

Prosjekt 6089 Sundheim – utbygging vidare.

Til oppstart av arbeidet med planlegging for vidare utbygging av Sundheim er et ført opp til saman 1,15 mill. kr. i 2022 og 2023.

Prosjekt 6090 Legekontor ventilasjon.

Det er ikkje ført opp nye midlar til prosjektet i planperioden, men ubrukte midlar frå 2020 (0,6 mill. kr.) vart nedregulert i 2020 jf. KS-sak 86/20 og vil bli oppregulert i 2021.

3.4 Andre investeringsutgifter

Prosjekt 7014 Eigenkapitalinnskott KLP.

Det er budsjettet med 1,55 mill. kr. i eigenkapitalinnskott til KLP for alle åra i planperioden. Dette er finansiert med bruk av disposisjonsfond.

4. KOMMENTARAR TIL DRIFTSBUDSJETTET

4.0 Innleiing

Netto driftsresultat i % av sum driftsinntekter for budsjett- og økonomiplan 2021-24 viser følgjande tal: **2021**: -0,2 %, **2022**: 0,0 % **2023**: 0,9 % og **2024**: 1,3 %.

- Det er budsjettert med utbytte frå Gudbrandsdal Energi AS og Eidsiva Energi AS på 8,818 mill. kr. i 2021.
- Netto inntekt ved sal av konsesjonskraft er redusert med 0,4 mill. kr. frå 2020 (frå 9,5 mill. kr. i 2020 til 9,1 mill. kr. i 2021). Dette er basert på stipulerte priser i marknaden.
- Eigedomsskatten frå kraftverk ligg inne som i førre økonomiplan.
- Eigedomsskatten for bustader og fritidseigedommer har redusert botnfradrag frå kr. 150.000 til kr. 70.000. I tillegg er det lagt inn auke i takst med 10 % som følgje av bruk av kontortakst i 2021. Samla gir dette auke i inntekt på om lag 3,7 mill. kr. frå 2020 til 2021.
- Pensjonspremie KLP er lagt inn med 16,0 % for alle åra i planperioden (18,0 % i 2020).
- Det er lagt inn generell prisauke på inntekter og utgifter på 3,2 %.
- Det er gjennomført reduksjon av fleire stillingar. Desse er lista opp i eigen tabell under.
- Tilskot til ulike interkommunale ordningar er lagt inn i tråd med vedtak i representantskap for interkommunale ordningar 21.10.20.
- Betaling for innfordring av kommunale krav er lagt inn i tråd med KS-sak 85/20.
- Til større vedlikehald på avlaupsnett er det totalt ført opp 2,2 mill. kr. i 2021. Dette omhandlar m.a. arbeid med å redusere innlekking, og det er i finansiert gjennom bruk av sjølvkostfond på kloakk/avløp.
- For avgift knytt til kommunaltekniske tenester er det slike avgiftsendringar frå 2020 til 2021:
Uendra avgift på kloakk, vatn, feiing og septiktømming.
Auka avgift med 6% på renovasjon.
- Vegvedlikehald er styrka med 0,7 mill. kr. i 2021. I tillegg er det omdisponert 0,55 mill. kr. frå straumutgifter til vegvedlikehald, slik at samla styrking av vegvedlikehald er 1,25 mill. kr. i 2021.
- Kostnader knytt til oppfølging av ulike oppgåver knytt til statleg asylmottak er ført opp på eige ansvar under sektor oppvekst, og det er lagt inn føresetnad om fullfinansiering av kostnadene.
- Til ekstern bistand knytt til skolestrukturprosjekt er det lagt inn 0,2 mill. kr. i 2021.

- Tilskot til ikkje-kommunale (private) barnehagar er budsjettert med 10,2 mill. kr. årleg. (10,7 mill. kr. i budsjett 2020) jf. KS-sak 131/20.
- Eigenbetaling for barnehageplass er auka i tråd med makssatsar i Statsbudsjettet.
- Det er lagt inn reduksjon på 0,15 mill. kr. årleg som følgje av stengte barnehager 3 veker om sommaren.
- Skåbu Oppvekst (barnehagedelen) er styrka med om lag 0,7 mill. kr. i 2022 for vidareføring av ekstra avdeling ut barnehageåret 2021/2022.
- Det er lagt inn 0,4 mill. kr. i øyremarka tilskott til Frivilligsentral.
- Det er lagt inn 1,0 mill. kr. årleg til breiband.
- Tilskott til tros- og livssynssamfunn er tatt ut av budsjettet i tråd med Statsbudsjettet.
- Til bustadsatsing er det lagt inn 0,4 mill. kr. i 2021 og 0,84 mill. kr. årleg vidare i planperioden for oppretting av ny 100 % stilling.
- Utgifter til legevakt og legevaktvarsling, samt andre tilskott knytt til samarbeid i helseregion Sør-Gudbrandsdal, er lagt inn i tråd med anslag frå vertskommunen.
- I førre økonomiplan låg det inne ein reduksjon på 0,5 mill. kr. frå 2021 knytt til Sundtunet/Pleie og omsorg. I budsjettet er midlane lagt inn att.
- Det er lagt inn netto 3,0 mill. kr. i 2021 og 2,2 mill. kr. i 2022 for kjøp av teneste til ressurskrevande bruker innan pleie og omsorg.
- Tenester for funksjonshemma er styrka med om lag 0,7 mill. kr. knytt til auka tenester og fleire brukarar.
- Det er lagt til grunn mottak av 10 flyktningar årleg jf. vedtak i KS-sak 124/20. Introduksjonsstønad, integreringstilskot og persontilskot er lagt inn i tråd med dette.
- Integreringstilskott er ført på ansvar 807. Tilskottet er redusert med om lag 1,0 mill. kr. frå budsjett 2020 til 2021.
- Det er lagt inn midlar til gratis vaksine for meningokokksjukdom, jf. KS-sak 74/20, og krafttak for grøn vekst, jf. FS-sak 108/20.

I KS-sak 118/18 vart det gjort vedtak om reduksjonar i planperioden. I førre økonomiplan sto det att om lag 2,8 mill. kr. av innsparinga årleg frå 2021 - 2023. Reduksjonen er innarbeidd i budsjettet.

Reduksjon i stillingar som følgje av innsparingane :

Område	Årsverk	Kommentar
Teknisk	1,0 årsverk	Kostnadsreduksjon på 0,4 årsverk pga. sjølvkost og føring av kostnader i investering.
Teknisk, reinhald	0,4 årsverk	
Kultur, næring, ikt	1,0 årsverk	Halvårsverknad i 2021
Sektor helse, adm.ressurs	1,0 årsverk	
Sektor helse, stab/støtte	0,5 årsverk	Halvårsverknad i 2021
Sektor helse, effektivisering/velferdsteknologi	0,5 årsverk	Frå 2022
Sektor helse - TFF, adm/støtte	0,4 årsverk	
SUM	4,8 årsverk	

I tillegg kjem reduksjon i lærarårsverk som følgje av innsparingar i timemodellen.

Oversikt over rammer pr. sektor 2021 i budsjettframlegget (tal i tusen):

	Budsjett 2021			Budsjett 2020 (oppr.)	Endring B21-B20
	Utgifter	Inntekter	Netto ramme	Netto ramme	
Politisk verksemd*			0	3 943	
Kyrkjeleg fellesråd	6 494	0	6 494	6 305	3,0 %
Kommunedirektør**	7 599	-5 068	2 531	2 306	9,8 %
Covid-19	5 162	0	5 162	0	
Sektor administrasjon*	156 665	-64 844	91 821	83 130	10,5 %
Sektor oppvekst	129 532	-14 424	115 108	119 037	-3,3 %
Sektor helse	237 452	-51 936	185 516	191 009	-2,9 %
Sum	542 904	-136 272	406 632	405 730	0,2 %

*Politikk inngår frå 2021 i sektor administrasjon, under tenestekområde Kultur, næring, IKT.

I 2021 er netto på politisk verksemd 3,975 mill.kr.

Fleire felleskostnader er flytta frå det enkelte tenestekområdet til sektor administrasjon. Dette og andre endringar gjer at tala ikkje er direkte samanlignbare.

Politiske vedtak for oppfølging i budsjettarbeidet 2021-2024:

Det er gjennom 2020 gjort politiske vedtak som har konsekvens for budsjett- og økonomiplan 2021 – 2024. Følgjande *er innarbeidd* i budsjettet:

- Gratis vaksine meningokokksykdom, jf. KS 74/20.
- Krafttak for grønn vekst, jf. FS 108/20.
- Betaling for kommunal innfordring, jf. KS-sak 85/20.
- Tilskott til Trøstakermoen sentralskytterbane, jf. 128/20.

I tråd med nytt økonomireglement, punkt 3.4, skal formannskapet gje innspel til budsjetttrundskrivet. Formannskapet hadde i møtet 25.6.20, FS-sak 101/20 slike innspel:

«Innretning av tjenester innen sektor helse, med særlig fokus på pleie og omsorg.

Prioritere lovpålagte oppgaver, samtidig som vi må drive utviklingsarbeid for å skape attraktivitet og bolyst.

Vurdering av skolestruktur (jf. tekstvedtak nr. 2 KS-sak 130/19). Bør landes ila 2021.

Vurdering av arbeidstidsordning (jf. tekstvedtak nr. 2 KS-sak 130/19).

Nyttiggjøring av statlige/regionale virkemidler med tanke på å skape utvikling. Eks. kommunal boligpolitikk, priser på kommunale tomter, næringsarbeid.

Omfang og nytteverdi av interkommunale ordninger. Vurdere om vi bør ha flere ordninger.

Vurdere salg av kommunale eiendommer og jobbe for å få flere til å kunne eie egen bolig gjennom å bruke mer aktivt ordninger i Husbanken.

Fortsette satsing på leilighetsbygging gjennom eks. Vinstra 2046. Målgrupper: eldre, unge i etableringsfase og andre som trenger offentlig bistand for å kunne skaffe egen bolig.

Utredninger som medfører større investeringer, og/eller endra forutsetninger for driftsbudsjettet, bør om mulig foreligge til formannskap/kommunestyre i forbindelse med oppstart av budsjettarbeidet i mai/juni.

Formannskapet støtter kommunedirektørens forslag om at det fra 2021 skal behandles et grovutkast til investeringsbudsjett før sommeren».

Budsjettpremiss / tekstvedtak:

I KS-sak 139/20 punkt 3 vart det vedtek slike budsjettpremiss / tekstdel:

«PLEIE OG OMSORG

1 Demensomsorg

Kommunedirektøren skal i løpet av første halvår 2021 legge fram en sak som viser hvordan Nord-Fron kommune skal jobbe med demensomsorg i årene som kommer. Demensplanen 2019-2022 må ligge til grunn for videre arbeid. Kommunedirektøren skal gi status på vedtatt handlingsplan og på arbeidet med demensteam, demensvennlig samfunn, bruk av frivillige, velferdsteknologi, kompetansebehov, økonomi, organisering og andre aktuelle temaer på området.

2 Kreftomsorg

Kommunedirektøren skal i løpet av første halvår 2021 legge fram en sak for kommunestyret med status for kreftomsorgen i Nord-Fron kommune. Saken skal også vise hvordan kommunen skal satse på dette området i årene som kommer.

3 Trygghetsalarmer/velferdsteknologi

Kommunestyret ber om en gjennomgang av ordning med trygghetsalarmer i NordFron. Kommunedirektøren legger fram en sak som drøfter om ordningen med trygghetsalarm er god nok, og om vi har riktig mottaksapparat. Saken bør også vurdere om vi har riktig løsning på trygghetsalarmer basert på vedtatt strategi om velferdsteknologi.

4 Helsestasjon

Midlertidige lokaler til helsestasjonen må ha høy prioritet. Kommunedirektøren må innen 1.4 ta en beslutning om midlertidige lokaler for helsestasjonen.

OPPVEKST

5 Bemanning i barnehagen

Kommunestyret ber om at bemanning innen barnehagene blir belyst i forbindelse med sak om skole- og barnehagestruktur. Her skal det belyses om grunnbemanningen er i tråd med gjeldende krav/norm til voksentetthet gjennom hele barnehageuka. De ansattes organisasjoner skal involveres i arbeidet.

KLIMA OG MILJØ

6 Kommunale biler

Fra 1.1.2021 skal det kun kjøpes/leases nullutslippsbiler som tjenestebiler i Nord-Fron kommune. Unntaket er ved evt spesielle behov som krever 4WD, der det av hensyn til kostnads- eller driftshensyn ikke er egnede nullutslippsalternativer.

I tillegg skal Nord-Fron kommune aktivt legge til rette for ladestasjoner når nye kommunale bygg/prosjekter utvikles.

NÆRING/UTVIKLINGSARBEID

7 Bredbånd i Skåbu

Kommunedirektøren skal i løpet av første halvår legge fram en sak som belyser hvordan vi kan få bygd ut mer høyhastighets bredbånd i Skåbu sentrum og omkringliggende bolig- og hytteområder. Kommunestyret er positiv til et kommunalt engasjement for å få kommersielle aktører til å bygge ut.

8 Næringsutvikling i Kvam

Kommunestyret viser til arbeidet med å få ny aktivitet i området rundt den nedlagte sponplatefabrikken på Kvam, og som formannskapet holdes løpende orientert om. I Side 10 av 13

funksjon 3251 Næringsrettledning er det satt av kr 300.000 årlig til nærings- og utviklingsarbeid. Kommunestyret er positiv til å sette av ytterligere midler dersom det kan gi ny næringsaktivitet på området. Kommunedirektøren legger fram sak om ekstra midler dersom det blir aktuelt».

Interkommunale samarbeid:

Til ulike interkommunale samarbeid er det lagt inn slike kostnader:

		2020	2021	Endring 20-21	I %
Sektor adm	491 FRON BADELAND	1 812	1 800	-12	-0,7 %
	492 INNFORDRING	627	675	48	7,7 %
	493 MGR	0	0	0	
	494 MGB	6 303	6 959	656	10,4 %
	495 FRON KULTURSKOLE	2 447	2 394	-53	-2,2 %
	496 GEODATASAMARBEIDET I MIDT-GUDBR.DAL	1 223	1 238	15	1,2 %
	FRYA RA	2 094	2 239	145	6,9 %
	KONSEKVENS sektor adm	14 506	15 305	799	5,5 %
Sektor oppvekst	591 UNG I MIDTDALEN	222	217	-5	-2,3 %
	592 MGPP OG LOGOPED	3 175	3 161	-14	-0,4 %
	KONSEKVENS sektor oppvekst	3 397	3 378	-19	-0,6 %
Sektor helse	691 MGBV	8 297	7 656	-641	-7,7 %
	692 MGF	5 165	3 209	-1 956	-37,9 %
	2322 SVANGERSKAPSOMSORG	214	361	147	68,7 %
	2335 TILSKOTT LAG / KRISESENTER	399	422	23	5,8 %
	2401 KOORDINATOR HSG / LHMR	83	195	112	134,9 %
	2404 LEGEVAKT (23 - 08 OG LEGEVAKTVARSLING LI	1 499	1 729	230	15,3 %
	2406 PSYKOLOG	635	667	32	5,0 %
	2413 FRONSVAKTA	1 575	1 567	-8	-0,5 %
	2419 KOMMUNEOVERLEGE	708	768	60	8,5 %
	2433 FACT-TEAM	340	286	-54	-15,9 %
	2561 KAD/ØYEBLIKKELIG HJELP DØGNOPPHALD	781	0	-781	-100,0 %
	KOORDINATOR RUS/PSYKISK HELSE	0	133	133	
	695 NAV MG PERSONYTELSE NFK	7 327	7 673	346	4,7 %
	698 NAV MG ANDEL NFK	5 114	5 100	-14	-0,3 %
	KONSEKVENS sektor adm	32 137	29 767	-2 370	-7,4 %
TOTALT		50 040	48 450	-1 590	-3,2 %

Ansvar 807 – Andre inntekter/utgifter

I tillegg til tenesteområda i driftsbudsjettet er ulike overordna utgifter og inntekter ført opp under ansvar 807. Dette omhandlar m.a. statlege tilskott til flyktningar og bruk/avsetning til flyktningefond. På dette ansvaret er også transaksjonar knytt til Furusjøen V/A som ikkje inngår i sjølvkost ført.

4.1 Kyrkjeleg fellesråd.

Kyrkjeleg fellesråd omfattar ansvarsområde 113.

Tabellen viser tilskott som NFK løyver til Nord-Fron kyrkjelege fellesråd (KFR) (tal i 1000):

	R-2019	B-2020	B-2021
Søknad frå KFR		6.305	6.494
Tilskott	6.121	6.305	6.494

Fellesrådet har i tillegg til tilskottet søkt om tilskott på kr. 450.000 til diakonstilling. Dette er ikkje innarbeidd i budsjettet.

4.3 Kommunedirektør

Kommunedirektør omfatter disse ansvarsområda:

- 115 Kommunedirektør
- 191 Regionrådet
- 200 Covid-19

Delansvar 115 Kommunedirektør

Funksjon 1201 Administrasjon

Kommunedirektør med tilhørende utgifter er budsjettert under denne funksjonen. Det er lagt inn kr. 63.000 til tilleggs løyving disponibelt for kommunedirektøren.

Funksjon 3392 Kommunalt kristeteam

Tillegg til medlemmer i kommunalt kriseteam er lagt inn på denne funksjonen med til saman kr. 113.000 årleg.

Funksjon 3393 Beredskapstilak

Det er lagt inn kr. 37.000 årleg til beredskap/Røde Kors (støtte til lag/organisasjonar).

Delansvar 120 Omstilling

Delansvaret er ikkje i bruk i 2021-2024. Effektiviseringskrav som var budsjettert på dette delansvaret i økonomiplan 2020 -2023 er konkretisert og lagt på det relevante tenestoområdet.

Delansvar 191 Regionrådet

Midlar knytt til regionalt samarbeid for Midt-Gudbrandsdalen er ført under dette ansvaret. I budsjettet er det lagt til grunn vidareføring av dagens nivå, og at Innlandet fylkeskommune fører vidare partnerskapsavtalen med Regionrådet for Midt-Gudbrandsdalen på line med gjeldande avtale for alle åra i planperioden.

Funksjon 3250 Regionalt samarbeid

Nord-Fron sin netto andel av kostnader knytt til regionalt samarbeid er ført opp her med kr. 724.000 årleg i planperioden.

Funksjon 3268 Regionrådet MGD-sekretariat

Regionrådet, som består av dei tre kommunane i Midt-Gudbrandsdalen og Innlandet fylkeskommune, kjøper sekretærtjenester tilsvarande 100 % stilling frå NFK.

Funksjon 3270 Regionrådet MGD-prosjekt

Her ligg det partnerskapsmidlar til regionrådet, årleg 3,5 mill. kr. Dette er fordelt med 2,5 mill. kr. frå IFK og kr. 333.000 frå kvar av MGD kommunane.

Funksjon 3278 Løn leiar regionrådet i MGD

Det er budsjettert med kr. 66.000 eks.arbeidsgivaravgift for godtgjøring til leiar av regionrådet. Dette blir dekt av dei 3 kommunane i regionen.

Delansvar 200 Covid-19

Delansvaret blir nytta for eventuelle mellomføringar av kostnader knytt til Covid-19. I tilleggsnummer til Statsbudsjettet vart rammetilskottet til kommunen auka med 5,2 mill. kr. for å dekke utgifter til Covid-19. Det er ført opp midlar tilsvarande auken i rammetilskottet på dette ansvaret.

4.4 *Sektor administrasjon*

Sektor administrasjon omfatter disse tenesteområda:

- Personal og organisasjon
- Økonomi og innkjøp
- Teknisk og plan
- Kultur, næring og IKT
- Interkommunale selskap (relatert til adm. området).

Enkelte av tenesteområda er delt opp i flere delansvar. Disse er omtala under kvart område.

4.4.1 Tenesteområde Personal og organisasjon

Området består av delansvara:

420 Personal og organisasjon

421 Lærlingar

4.4.1.1 Delansvar 420 Personal og organisasjon

Funksjon 1201 Administrasjon

Tenesteleiar for personal/organisasjon og tilsette innan personal og løn, med tilhørande utgifter, er inntil vidare budsjettert under denne funksjonen. Det skal gjerast ei fordeling av kostnadene til fleire tenestefunksjonar ved avslutning av rekneskapen.

Funksjon 1203 Tillitsvalde

Her ligg kostnader til løn for tillitsvalde med rett til frikjøp samt hovudverneombod. Til saman er det lagt inn 1,14 mill. kr. årleg til dette.

Funksjon 1214 Verneombud

Budsjett for frikjøp av hovudverneombod er ført på denne funksjonen.

Funksjon 1216 Felleskostnader til fordeling

Felles administrasjonsutgifter og ulike felleskostnader for heile organisasjonen som t.d. porto, telefon, personforsikringar og ulike kontigentar er budsjettert på denne funksjonen. Til AVEK (aktivitets- og velferdskomite) er det sett av kr. 179.000 årleg og for tilskott til bedriftshelsetenesta er det sett av kr. 516.000 pr. år.

Kontingent til LVK (Landssamanslutning for vassdragskommunar) er ført opp med kr. 115.000, og dette blir dekkja frå kraftfond.

Funksjonen skal ved avslutning av rekneskapet fordelast til fleire tenestefunksjoner.

Funksjon 1806 OU-midlar KS

Kommunen sin kontingent knytt til OU-midlar blir ført på denne funksjonen.

4.4.1.2 Delansvar 421 Lærlingar

Lærlingeløn og tilskott blir ført på tenestefunksjonar på dette delansvaret.

Det vil pr. januar 2021 vera 10 lærlingar/lærekandidatar i kommunen.

4.4.2 Tenesteområde Økonomi og innkjøp

Funksjon 1201 Administrasjon

Tenesteleiar og tilsette innan økonomi og innkjøp med tilhørande utgifter, er budsjettert under denne funksjonen. Det skal gjerast ei fordeling av kostnadene til fleire tenestefunksjonar ved avslutning av rekneskapen.

Funksjon 2423 Økonomisk rådgiving

Nord-Fron kjøper tenester av NAV Sel/Sel kommune knytt til Husbanken sine ordningar (lån og tilskott). Betaling for dette er ført på denne funksjonen i 2021. Frå 2022 er det ikkje ført opp kostnader på funksjonen, da dette er tenkt å inngå i nytt tiltak knytt til bustadsatsing. Denne er lagt under tenesteområde Kultur, næring, IKT.

Funksjon 3108 Bustadtilskott

Utgifter knytt til bustadtilskott blir ført her. Tilskott til tilpasning av bustad var fram t.o.m. 2019 eit eige tilskott frå Husbanken, men er frå 2020 innlemma i det ordinære rammetilskottet.

4.4.3 Tenesteområde Teknisk og plan

Området består av delansvara:

440 Eigedom og infrastruktur

441 Kommunale bygg

442 Utleigebygg

443 Plan og tekniske tenester

444 Sjølvkostområder

Det er lagt inn reduksjon i stillingar slik:

Område	Årsverk	Kommentar
Teknisk	1,0 årsverk	Kosnadsreduksjon på 0,4 årsverk pga. sjølvkost og føring av kostnader i investering.
Teknisk, reinhald	0,4 årsverk	

I tillegg til reduksjonen er det er lagt til grunn at til saman 1,9 stillinga blir ført i investering for gjennomføring av ulike investeringsprosjekt, samt 0,4 årsverk knytt til planlegging.

Straumutgifter på delansvar 441, 442 og 443 er redusert med til saman 0,55 mill. kr. i 2021. Vegvedlikehald, på delansvar 443, er auka med reduksjonen på straum og i tillegg er det tilført 0,7 mill. kr. i 2021, slik at samla auke til vegvedlikehald i 2021 er 1,25 mill. kr. Frå 2022 ligg det inne ei auke til vegvedlikehald på 1,5 mill. kr., jf. KS-sak 130/19.

Det er lagt til grunn innsparing som følgje av at barnehagane blir foreslått stengt i 3 veker om sommaren. Innsparinga omhandlar innsparing knytt til reinhald estimert til kr. 50.000.

4.4.3.1 Delansvar 440 Eigedom og infrastruktur

Det er berre ført kostnader til vidare fordeling på dette delansvaret.

4.4.3.2 Delansvar 441 Kommunale bygg

Det vart frå 2020 lagt inn kr. 250.000 årleg til vedlikehald av skolebygg.

Kostnader til eigdomsforvaltning (funksjon 3103) er redusert frå 2020 som følgje av at lønnskostnader for til saman 1 årsverk er flytta frå drift til investering. Dette gjeld oppfølging av ulike investeringsprosjekt.

Det er lagt inn kr. 310.000 i driftskostnader knytt til Vinstra park frå 2023.

Kommunen har hatt ei ordning med fri leige av kulturbygg for barn og unge. Fri leige vart

innført frå 2001, og i perioda 2003 t.o.m. 2006 var det halv leige. Frå 2007 har det vore fri leige att. Ordninga er vidareført i budsjettet.

4.4.3.3 Delansvar 442 Utleigebygg

Utgifter og inntekter frå bygg til utleige er ført på dette delansvaret.

Satsen for husleige er frå 2018 regulert i tråd med konsumprisindeksen, jf. KS-sak 117/17.

4.4.3.4 Delansvar 443 Plan og tekniske tenester

Funksjon 3003 Planlegging

Lønnskostnader tilsvarande 0,4 årsverk er flytta frå drift til investering frå og med 2020.

Funksjon 3004 Eigedomsskatt.

Det er som tidlegare budsjettert med utgifter til 50 % stilling årleg for å halde registra og systemet ajour. Det er ikkje teke høgde for kosnader i samband med re-taksering frå 2021, jf. KS-sak 101/19.

Funksjon 3331 Kommunale vegar.

Det er sett av 4,3 mill. kr. i 2021 til vedlikehald av kommunale vegar. Frå 2022 er dette høgda til 4,6 mill. kr. årleg. Sjå også kommentar på side 52.

Funksjon 3353 Flomsikringsanlegg.

Til vedlikehald av flomsikringsanlegg er det ført opp kr. 224.000 årleg.

I KS-sak 122/20 vart det gjort vedtak om at kommunedirektøren får fullmakt til å budsjettregulere og avsette midlar som ikkje er brukt til eit eige disposisjonsfond. I år med kostnader ut over det årlege budsjettet får kommunedirektøren fullmakt til å gjennomføre budsjettendring og bruke av fondet tilsvarande.

Funksjon 3601 Miljøvernrettleiar.

Lønsmidlar til 100 % stilling som miljøvernrettleiar er som tidlegare ført på denne funksjonen.

Funksjon 3602 Miljøvern.

Det er vidareført midlar til vedlikehald av kommunalt etablerte miljøanlegg på Eidesand og Årvillingen.

Tilskott til løypekjøring er lagt inn med kr. 778.000 årleg.

4.4.3.5 Delansvar 444 Sjølkostområder

Funksjon 3001 Byggesaker

Byggesak finansierast delvis gjennom gebyrregulativet.

Funksjon 3002 Oppmåling

100 % stilling knytt til oppmåling og inntekter frå gebyr er som tidlegare ført på denne funksjonen.

Funksjon 3401 Vassverk og 3451 Leidningsnett vatn

Det er lagt inn 1,2 mill. kr. årleg til større vedlikehald. Dette må m.a. sjåast i samanheng med tiltak for å redusere innlekking på avlaupsnettet, som vil gje kostnader på utskifting av ledningsnettet for vatn. Det er lagt til grunn uendra gebyr for abonnement- og forbruk av vatn frå 2020 til 2021, jf. KS-sak 137/20.

Funksjon 3501 Renseanlegg, 3502 Slambehandling og 3531 Kloakknnett.

Tilskott til Frya Renseanlegg er redusert i 2021 i samband med at utbygginga ikkje er ferdig, og avtale om at Nord-Fron skal rense avløp sjøv under byggeprosessen (byggetrinn 3) på Frya Renseanlegg. Kostnader til drift av Vinstra renseanlegg er auka tilsvarende reduksjonen i tilskott til Frya RA i 2021. Når utbygginga er ferdig skal Vinstra RA byggast om til pumpestasjon. Dette er det teke høgde for i investeringsbudsjettet, jf. kap. 3.

I samband med innlekkingsproblematikk og andre større vedlikehaldsoppgåver er det lagt inn totalt 2,2 mill. kr. årleg. Vedlikehaldskostnader knytt til innlekking er i hovudsak finansiert gjennom bruk av sjølvkostfond på kloakk/avløp. Det er også ført opp investeringskostnader knytt til reduksjon av innlekking, sjå kap. 3.

Årsavgift på kloakk er uendra frå 2020 til 2021, jf. KS-sak 137/20. Det er lagt til grunn bruk av opparbeidd sjølvkostfond i planperioden.

Funksjon 3541 Septik

Septikavgifta er uendra frå 2020 til 2021, jf. KS-sak 137/20. Det er lagt til grunn at det i planperioden skal brukast av opparbeidd sjølvkostfond knytt til septik.

Avgiftssatsar:

Det er vedteke følgjande endring i avgiftssatsar for kommunaltekniske tenester, jf. KS-sak 137/20:

Abonnement- og forbruksavgift på **kloakk** er uendra frå 2020.

Abonnement- og forbruksavgift på **vatn** er uendra frå 2020.

Avgift knytt til **septiktømming** er uendra frå 2020.

Feieavgifta er uendra frå 2020.

Renovasjonsavgifta er auka med 6 % frå 2020.

Avgift på feiing og renovasjon er lagt inn i tråd med vedtak i representantskapet for interkommunale ordningar 21.10.20.

Dekningsgrader:

I budsjettet for 2021 er det lagt til grunn slike dekningsgrader for dei kommunaltekniske tenestene:

	Septik	Vatn	Avløp	Oppmåling	Byggesak
Brukerbetaling / salgsinntekt	1 048	9 512	14 225	956	1 404
Direkte kostnader	1 675	6 377	11 993	1 062	789
Indirekte kostnader	107	335	408		600
Netto kapitalkostnader	17	2 800	3 189		
Sum kostnader	1 799	9 512	15 590	1 062	1 389
RESULTAT					
(inntekt minus kostnad)	-751	0	-1 365	-106	15
Budsj.dekningsgrad	58,3 %	100,0 %	91,2 %	90,0 %	101,1 %
Avsetning fond					
Bruk fond	-751		-1 365		
Resultat etter bruk/avsetning	0	0	0	-106	15

Feiing og renovasjon blir rekneskapsført hos MGB og MGR, som utarbeidar dekningsgrad.

Når det gjeld dekningsgradar/sjølvkostberekning, er det først ved rekneskapsavslutning ein vil få dei rette tala for dekningsgrad på dei forskjellige tenestene.

4.4.4 Tenesteområde Kultur, næring, IKT

Området består av delansvara:

450 Kultur, næring, IKT

451 Kultur og kommunikasjon

452 Næring og politikk

453 Arkiv og IKT

454 Politisk virksomhet

Det er lagt inn reduksjon i stillingar slik:

Område	Årsverk	Kommentar
Kultur, næring, ikt	1,0 årsverk	Halvårsverknad i 2021

Reduksjonen er inntil vidare lagt inn på funksjon 3701 og 1201.

4.4.4.1 Delansvar 450 Kultur, næring, IKT

Tenesteleiar for Kultur, næring og IKT er budsjettert under ansvar 450 Kultur, næring, IKT på funksjonen 1201 administrasjon. Det skal gjerast ei fordeling av kostnadene til fleire tenestefunksjonar ved rekneskapsavslutninga.

Funksjon 3112 By- og boligutvikling.

For oppfølging av bustadsatsing er det ført opp 0,4 mill. kr. i 2021 og 0,84 mill. kr. årleg vidare i planperioden for oppretting av ny 100 % stilling. Sjå også kommentar under funksjon 2423 Økonomisk rådgiving, tenesteområde Økonomi og innkjøp.

4.4.4.2 Delansvar 451 Kultur og kommunikasjon

Funksjon 1201 Administrasjon og 3851 Kulturadministrasjon

Avdelingsleiar for Kultur og tilsette knytt til servicetorg/kommunikasjon er ført opp på desse funksjonane. Det skal gjerast ei fordeling av kostnadene til fleire tenestefunksjonar ved avslutning av rekneskapen.

Funksjon 2310 Aktivitetstilbod for barn og unge

Ordning med aktivitetsmidlar for ungdom i Skåbu er vidareført i planperioden med kr. 100.000 årleg. Frå 2017 er det ikkje lengre ungdomsklubb i Skåbu, ungdom i Skåbu har etter dette tilbod om gratis transport (UngdomsEkspressen) til Vinstra ungdomsklubb ein kveld i veka.

Funksjon 2314 Kåja Camp

Funksjonen gjeld ungdomsfestivalen som Nord-Fron kommune sitt ungdomsråd årleg arrangerer i Kåja. Det er lagt inn kr. 49.000 i netto utgifter til tiltaket.

Funksjon 2343 Frivilligsentral

F.o.m. 2021 er det lagt til grunn eit øyremerka tilskott til frivillighetssentral, jf. Statsbudsjettet. Tilskottet er lagt inn med kr. 400.000 årleg. Driftsnivået til Frivillighetssentralen er vidareført i 2021.

Funksjon 3276 Marknadsføring/arrangement

Det er avsett kr. 329.000 årleg til eigen løyvingsskonto for Formannskapet til ulike arrangement/arrangementstøtte.

Funksjon 3281 Byfest

Det er sett av kr. 200.000 årleg til gjennomføring av Byfest.

Funksjon 3701 Bibliotekdrift og 3731 Kino

Kostnader til drift av bibliotek og kino er ført opp her.

Funksjon 3752 Krigsminnesamlinga/Gudbrandsdalsmuseum

Nord-Fron kommune har inngått avtale med Gudbrandsdalsmusea A/S om drift av krigsminnesamlinga på Kvam. Gudbrandsdalsmusea A/S har også ansvaret for privatarkiva frå Nord-Fron. I 2021 er det lagt inn kr. 286.000 i støtte til Gudbrandsdalsmusea A/S. I tillegg ligg det inne midlar til drift av Krigsminnesamlinga (bygningen).

Funksjon 3859 Anleggstilskott og liknande.

Det er avsett kr. 150.000 i 2021 og 2022 for tilskott til Trøstakermoen sentralskytterbane, jf. KS-sak 128/20.

Funksjon 3921 Tilskott til tros- og livssynssamfunn

Tilskottet er tatt ut f.o.m. 2021 i samband med at det i Statsbudsjettet er lagt til grunn at staten skal overta ansvaret for utbetaling.

4.4.4.3 Delansvar 452 Næring og politikk

Funksjon 1003 Val

Det er lagt inn utgifter til gjennomføring av stortingsval i 2021 og kommuneval i 2023.

Funksjon 1201 Administrasjon

Lønsbudsjett for politisk sekretariat m.m. er inntil vidare ført opp på denne funksjonen.

Funksjon 3251 Næringsrettledning

I tråd med vedtak i kommunestyret 19.12.17, KS-sak 119/17, er det her ført opp kr. 300.000 årleg til nærings- og utviklingsarbeid.

Til breiband er det ført opp 1 mill. kr. årleg i planperioden. I tillegg er det ført opp kr. 25.000 i 2021 og 2022 knytt til Krafttak for grønn vekst, jf. FS 108/20.

Til sommarjobb for ungdom er der avsett kr. 150.000 årleg, jf. KS 130/19 og FS-127/20.

Funksjon 3252 PG AS

I budsjettet ligg det inne ei vidareføring av tilskott til Peer Gynt-stemnet (kr 700.000), jf. KS-sak 129/20.

Funksjon 3255 Landbrukskontor, og 3292 Veterinærvakt

Driftsnivået er vidareført som tidligere.

Funksjon 3257 Tiltaksarbeid

Det er avsett kr. 75.000 til årleg tilskott til Skåppå Kunnskapspark AS, jf. FS146/20. I tillegg ligg kr. 5.000 til medlemsavgift i Vinstra Markedsforening, kr. 4.000 for tilskot til drift av juletrelys på Baukholshaugen og kr. 5.000 som støtte til Skåbuguiden på denne funksjonen.

Funksjon 3269 Midt-Gudbrandsdal næringsforening

Det er avsett kr. 100.000 årleg i tilskott til Midt-Gudbrandsdal næringsforening, jf. FS-sak 147/20.

Funksjon 3271 Visit Lillehammer

Tilskot til Visit Lillehammer er ført opp med kr. 243.000.

4.4.4.4 Delansvar 453 Arkiv og IKT

Funksjon 1201 administrasjon og 1208 IKT-fellesutgifter

Løn til tilsette innan arkiv og IKT er ført opp på desse funksjonane saman med midlar til lisenskostnader og til ulike driftsavtaler knytt til IKT-fagsystem. Det skal gjerast ei fordeling av kostnadene til fleire tenestefunksjonar ved rekneskapsavslutninga.

Funksjon 2026 Fellesutgifter IKT-grunnskole og 2016 Fellesutgifter IKT-barnehage

Her er det budsjettert med utgifter til diverse vedlikehaldsavtaler for programvare innafor skole og barnehage. Eit av årsverka knytt til IKT i kommunen er også budsjettert på skole-funksjonen.

Funksjon 2566 Velferdsteknologi

Utgifter til 100 % stilling knytt til digitalisering er som tidlegare ført på denne funksjonen.

4.4.4.5 Delansvar 454 Politisk verksemd

Politisk verksemd var fram til 2021 ført på ansvar 111.

Funksjon 1001 Politiske organ

Her ligg godtgjøring til ordførar / varaordførar og politiske organ.

Frå og med 1.1.2019 blir ordføraren si godtgjersle fastsett til 93 % av

Storingsrepresentantanes faste godtgjersle jf. vedtak i kommunestyret 22.2.18 KS-sak 21/18.

Godtgjersla blir regulert årleg med verknad frå 1.1, der Storingsrepresentantanes godtgjersle pr. 1.5 året før blir lagt til grunn. Satsen er pr. 1.5.20 kr. 987.997 og lønn pr. 1.1.20 (93 %) er kr. 918.837.

Det er budsjettert med kr. 157.000 årleg til tilleggsløyvingar for formannskapet og kr. 57.000 årleg for kommunestyret. Det er budsjettert med kr. 59.000 til tilleggsløyving, disponibelt for ordføraren.

Funksjon 1002 Partistøtte

Partistøtta er ført vidare på dagens nivå.

Funksjon 1004 Kontrollutval/revisjon

Frå kontrollutval og revisjon er det kome forslag på til saman 1,159 mill. kr. i 2021. I budsjettet er det lagt inn 1,085 mill. kr. Sjå detaljar i tabell.

Sak frå kontrollutvalet med budsjettinnspel vart lagt ved budsjettsaka ved behandling i kommunestyret.

	Kom.dir. framlegg B21	KU forslag B21	B20
Revisjon	667 350	667 350	641 484
Undersøkelser	50 850	50 850	50 000
SUM	718 200	718 200	691 484
Forv.revisjon	160 000	233 910	125 000
SUM til revisjon	878 200	952 110	816 484
Sekretariat	160 000	160 000	160 000
Annet	47 000	47 000	47 000
Totalt	1 085 200	1 159 110	1 023 484

Funksjon 1005 Råd for funksjonshemma og 1006 Trafikksikkerhetsutvalget

Det er sett av kr. 23.000 årleg for kvart av desse utvala.

Funksjon 1007 Ungdomsråd

Det er sett av kr. 47.000 årleg til ungdomsråd.

Funksjon 1804 Eldrerådet

Det er budsjettert med kr. 27.000 årleg til eldrerådet.

4.4.5 Interkommunale selskap (administrasjon)

Området består av delansvara:

491 Fron badeland

492 Innfordring

493 Midt-Gudbrandsdal renovasjonsselskap (MGR)

494 Midt-Gubbrandsdal brannvesen (MGB)

495 Fron kulturskole

496 Geodatasamarbeidet i Midt-Gudbrandsdal.

4.4.5.1 Delansvar 491 Fron badeland

Nord-Fron kommune sitt tilskott for 2020 er lagt inn med 1,8 mill. kr.

I tillegg kjem betaling for skolesvømming lagt på den enkelte skole. Tilskottet er i tråd med vedtak i representantskapet for dei interkommunale selskapa 21.10.20.

4.4.5.2 Delansvar 492 Innfordring

Nord-Fron kommune har sagt opp avtala med Kemneren i Sør-Gudbrandsdal og inngått oppdragsavtale om kommunal innfordring med Midt-Gudbrandsdal økonomikontor (MGØ) frå 1.11.2020. Skatteinnkreving og arbeidsgjevarkontroll er statleggjort frå 1.11.2020. Tilskott til Kemneren i oppsigelsestida og til MGØ er lagt inn i tråd med vedtak i KS-sak 85/20.

4.4.5.3 Delansvar 493 Midt-Gudbrandsdal Renovasjonsselskap (MGR)

Etter endring av vedtekter for Midt-Gudbrandsdal Renovasjonsselskap (MGR), vedteke i KS-sak 66/14, skal inntekt frå årsgebyr overførast direkte til MGR. Nord-Fron subsidierte fram t.o.m. 2016 avgifta gjennom bruk av opparbeidd sjølvkostfond. Avgifta har frå 2017 ikkje vore subsidiert. Avgifta for 2021 vart behandla i representantskap for dei interkommunale selskapa 21.10.20, og den er auka med 6 % frå 2020 til 2021.

I tråd med vedtak om vederlag skal Nord-Fron fakturere MGR for interne kostnader relatert til renovasjon (t.d. fakturering).

4.4.5.4 Delansvar 494 Midt-Gudbrandsdal Brannvesen (MGB)

Her er ført opp kommunens tilskott til Midt-Gudbrandsdal Brannvesen (MGB). Tilskottet vart behandla i representantskap for dei interkommunale selskapa 21.10.20.

Når det gjeld feiing er det inntekt frå årsgebyr som blir overført direkte til MGB. Avgifta vart også behandla i representantskapet 21.10.20, og den er uendra frå 2020 til 2021.

I tråd med vedtak om vederlag skal Nord-Fron fakturere MGB for interne kostnader relatert til renovasjon (t.d. fakturering).

4.4.5.5 Delansvar 495 Fron kulturskole

Fron kulturskole er eit interkommunalt samarbeid mellom Nord-Fron og Sør-Fron kommunar. Nord-Fron kommune er vertskommune.

Netto driftsutgifter for Nord-Fron kommune for 2021 er budsjettert med 2,358 mill. kr. (2,447 mill. kr. i 2020). Budsjettet er i tråd med vedtak i representantskapet for dei interkommunale ordningane 21.10.20.

4.4.5.6 Delansvar 496 Geodatasamarbeidet i Midt-Gudbrandsdal

Her ligg kostnader til drift av felles geodata-løsning for midtdalen.

Netto kostnad i driftsbudsjettet for Nord-Fron i 2021 er 1,228 mill. kr. (1,223 mill. kr. i 2020).

I tillegg kjem investeringskostnader ført opp i investeringsrekneskapen (sjå kap. 3).

Budsjettet er i tråd med vedtak i representantskapet for dei interkommunale ordningane 21.10.20.

4.5 *Sektor oppvekst*

Sektor oppvekst omfatter desse tenesteområda:

- Asylmottak
- Sødorp skole
- Kvam skole
- Barhaug skole
- Skåbu oppvekst
- Vinstra ungdomsskole
- Toksebakken barnehage
- Kvam barnehage
- Ruste barnehag
- Interkommunale selskap (relatert til oppvekst).

Delansvar 510 Sektor oppvekst

Direkte under ansvar 510 Sektor oppvekst er det samla fellesutgifter og inntekter for skole og barnehage som det ikkje er naturleg å føre på den enkelte barnehage/skole.

Funksjon 1201 Administrasjon

Utgifter til sektorleiar og stab med tilhørande utgifter, er inntil vidare budsjetttert under denne funksjonen.

Funksjon 2011 Barnehage

Utgifter til vidareutdanning og kompetanseheving for tilsette i barnehagen er ført opp på denne funksjonen.

Funksjon 2012 Private barnehagar

Det er lagt inn 10,2 mill. kr. årleg i planperioden for tilskot til ikkje-kommunale barnehager. I 2020 var det budsjetttert med eit tilskot på 10,7 mill. kr. Det blir lagt fram eige sak for kommunestyret som omhandlar tilskottssatsar for 2021.

På konto 1370 ligg refusjon til ikkje-kommunale barnehagar for søskenmoderasjon og redusert foreldrebetaling.

Funksjon 2021 Grunnskole

Kostnader til vidareutdanning for lærarar, og refusjon frå staten til dette, er ført her.

Det er lagt inn tilskott til regionale stilling (YOU-koordinator/karriereveileder) ved Karrieresenteret Opus Midt-Gudbrandsdal.

Her ligg også betaling til og refusjon frå andre kommunar for fosterheims plasserte elevar. Dette var fram til 2020 budsjetttert på den enkelte skole (endra gjennom budsjettendring i 2020).

Funksjon 2131 Vaksenopplæring

Funksjonen dekker utgifter til undervisning av voksne på grunnskolenivå og til opplæring for voksne med særskilte behov for opplæring/opptrening etter sjukdom/skade.

Til vaksenopplæring til voksne som har rett på opplæring p.g.a. funksjonshemming er det budsjettet med kr. 69.000 årleg i planperioden.

Funksjon 2151 Skolefritidstilbod

Her ligg kostnader til sommar-SFO i 4 veker av sommarferien. Det er sommar-SFO i Skåbu og Kvam samt samla tilbod for Vinstraområdet. Tilbodet blir gjennomført når det er meldt på meir enn 5 barn. Det er budsjettet med netto utgift på kr. 88.000 kvart år i planperioden.

Funksjon 2221 Skolelokale og skyss

Her ligg utgifter til skyss for grunnskoleelevar inkludert elevar som får opplæring i anna kommune (Montesorri Venabygd). Skoleskyss for den enkelte skole var fram til 2020 budsjettet på den enkelte skole (endra gjennom budsjettendring i 2020).

Funksjon 2316 MOT-arbeid

Kostnader til MOT-arbeid er ført opp med kr. 189.000 årleg.

Delansvar 511 Statleg asylmottak

Utgifter og inntekter/refusjonar knytt til oppfølging av statleg asylmottak er ført opp her.

Det er ikkje ført opp netto inntekt eller utgift på ansvaret (inntekter og utgifter er avstemt mot fond).

4.5.1 Skoler

Skoler omfatter desse tenesteområda:

- 520 Sødorp skole
- 530 Kvam skole
- 540 Barhaug skole
- 550 Skåbu Oppvekst (skoledelen)
- 560 Vinstra ungdomsskole (V.U.S.).

Funksjon 2021 Grunnskole.

Elevtalsutvikling for komande planperiode:

Skoler	Elever 2020/2021	Elever 2021/2022	Elever 2022/2023	Elever 2023/2024	Elever 2024/2025
Sødorp	158	146	146	138	138
Kvam	81	78	81	76	71
Barhaug	145	138	134	129	129
Skåbu	24	23	26	28	32
VUS	187	180	172	180	168
Sum	595	565	559	551	538

Det er ein samla nedgang på 57 elevar i planperioden.

Driftsutgifter pr. elev eks. byggkostnader (tal i heile tusen):

	Netto driftsutgift 2021	Elevtal skolestart 2020/21	Driftsutgifter pr. elev (tal i 1000)
Sødorp	14 809	158	94
Kvam	9 669	81	119
Barhaug	13 973	145	96
Skåbu	5 592	24	233
VUS	23 997	187	128
		595	

Snitt driftsutgifter pr. elev alle skoler sett under ett er kr. 134.000.

Lærarlønn, art 1011

Elevtal, gruppedeling, behov for spesialundervisning, og anna tilrettelegging for enkeltelevar ved skolane har verknad på driftskostnadene.

Ny ressursmodell for fordeling av timeressursen mellom skolane, vedtatt i K-sak 40/12, har vore i bruk frå 2013. Den fekk heilårsvirkning frå 2014. Modellen har i tillegg til ein fast

ressurs pr. skole, ein variabel ressurs som blir påverka av endring i elevtal og talet på seniorar med rett til redusert leseplikt.

- På barneskolen gir ein elev 1,7 rammetimer.
100 % stilling tilsvarar 25-26 timar.
Det betyr at 14-15 elevar tilsvarar ei lærarstilling i timemodellen.
- På ungdomsskolen gir ein elev 2 rammetimer.
100 % stilling tilsvarar 23,5 timar.
Det betyr at 12 elevar tilsvarar ei lærarstilling i timemodellen.

Kommunen har fram til 2020 fått tildelt øymerka midlar til auka lærertetthet i 1. – 4. klasse. Det er tilsett lærarar og budsjettet på Sødorp, Kvam og Barhaug er styrka gjennom auke av lærerlønn finansiert med øymerka tilskott. Tilskottet er frå 2020 innlemma i det ordinære rammetilskottet og frå hausten 2021 er det ressursen tatt ut frå timetalet.

Kommunestyret gjorde i KS-sak 87/20 vedtak om arbeid med **skolestruktur** slik:

- «1. Kommunestyret ber administrasjonen om å greie ut ei framtidig berekraftig løysing for struktur innafor skule og barnehage, med spesiell vektlegging på økonomi, barnetal og kvalitet i skulen.
2. Med utgangspunkt i vedlagte framskriving av barnetal frå SSB legg administrasjonen fram sak for kommunestyret i løpet av 2021 med alternativ for framtidig struktur innafor skule og barnehage.
3. Det blir sett ned ei administrativ arbeidsgruppe som utarbeider ein prosjektplan med bakgrunn i føringane som er lagt frå kommunestyret, herunder mandat for arbeidet. Ungdomsrådet får to plassar i arbeidsgruppa.
4. Basert på vedlagte skisse skal kommunedirektøren legge fram prosjektplan, endeleg mandat og ei detaljert tidslinje til godkjenning i kommunestyret.»

Det er ført opp kr. 200.000 i 2021 for bistand til arbeidet med skolestruktur.

Fastlønn, art 1010

Her ligg lønskostnader til assistentar og kontorpersonell.

Assistentressursen til skolane er fast. I heilt spesielle tilfelle, der elevar av medisinske eller anna spesiell grunn må ha følgje av/hjelp av eigen assistent, kan det bli tildelt ekstra assistentressurs ut over dette, etter enkeltvedtak.

Undervisningsmateriell

Ressurs til innbu, læremiddel, undervisningsmateriell og fritt skolemateriell er budsjettert under konto 1105 Undervisningsmateriell.

Svømmeundervisning og kroppsøving

Vinstra ungdomsskole, Barhaug skole og Sødorp skole har svømmeundervisning på Fron Badeland. Det er lagt inn samla kr. 216.000 til dette for alle år i planperioden.

Gratis skolemat

Det er lagt inn vidareføring av gratis mat i tråd med dagens tilbod ved Vinstra ungdomsskole.

Funksjon 2026 Felles IKT Grunnskole

Leasingavtala knytt til Ipad gjekk ut hausten 2020. Basert på ei økonomisk vurdering er det beslutta at det no skal kjøpast Ipadar i staden for leasing. Driftsbudsjettet på denne funksjonen er redusert som følgje av dette.

Funksjon 2151 Skolefritidstilbod

Det er budsjettet med ei auke i prisen med 8,0 % i 2021. Det blir lagt fram eige sak for kommunestyret som omhandlar betalingssatsar i 2021.

Funksjon 2132 Vaksenopplæring for flyktningar

Vaksenopplæringa for flyktningar vart frå 1.1.19 organisert som del av Vinstra ungdomsskole. Frå august 2020 har kommunen ivareteke grunnskoleopplæring for flyktningar sjølv.

I tråd med førre økonomiplan er det lagt inn ein reduksjon i bemanning frå august 2021 som følgje av mottak av færre flyktningar. Persontilskott er ført på på ansvar 807.

4.5.2 Barnehagar

Barnehagane (utanom Skåbu) er organisert som eigne tenesteområder frå 1.8.2020 slik:

571 Toksebakken barnehage

572 Kvam barnehage

573 Ruste barnehage.

Kostnader til drift av barnehagen i Skåbu er ført som ein del av Skåbu Oppvekst, ansvar 550 funksjon 2011. Barnehagen er styrka med netto om lag 0,7 mill. kr. 2022 for å vidareføre ekstra avdeling ut barnehageåret 2021/2022.

Makssats for foreldrebetaling er i Statsbudsjettet høgda frå kr. 3.135 i 2020 til kr. 3.230 frå 1.1 2021.

Det er lagt til grunn innsparing som følgje av at barnehagane blir foreslått stengt i 3 veker om sommaren. Innsparinga omhandlar personell i barnehagen og reinhald (under tenesteområde Teknisk), og er estimert til kr. 150.000.

Funksjon 2017, 2018, 2019

På desse funksjonane er lønskostnader og andre utgifter knytt til drift av den enkelte barnehage ført opp. Foreldrebetaling er også ført opp her.

Funksjon 2113 Funksjonshemma barn

På funksjonen blir den delen av styrarressursen som omhandlar styrking/støttepedagog ført, samt lønskostnader til spesialpedagog. I tillegg er det budsjettert med kostnader knytt til oppfølging av barn med særskilte utfordringar.

4.5.3 Interkommunale selskap (oppvekst)

Området består av delansvara:

- 591 Ung i Midtdalen
- 592 Midt-Gudbrandsdal Pedagogisk-Psykologisk rådgjevingsteneste (MGPP).

4.5.3.1 Delansvar 591 Ung i Midtdalen

På funksjonen blir drift av den interkommunale ordninga Ung i Midtdalen (UiM) ført. UiM har leiar i 100 % fast stilling. I budsjettet er det lagt inn tilskot frå Regionrådet for Midt-Gudbrandsdal og frå Innlandet fylkeskommune. Aktivitetsnivået avheng m.a av storleiken på desse tilskota.

Netto driftsutgifter for Nord-Fron kommune for 2021 er budsjettert med kr. 191.000 (kr. 222.000 i 2020). Budsjettet er i tråd med vedtak i representantskapet for dei interkommunale ordningane 21.10.20. Representantskapet gjorde i møtet også slikt vedtak: *«Representantskapet for interkommunale ordninger vedtar at det settes ned en arbeidsgruppe som får mandat til å jobbe fram et forslag for videre drift av UiM som skal inneholde en evaluering av ordninga og en vurdering av selskapsformen, målsetting, målgruppe og finansiering.*

Arbeidet ferdigstilles innen 1. juni 2021, slik at det blir utgangspunkt for neste års budsjettarbeid.

Hver enkelt kommune finner en representant til å sitte i gruppa. Ungdomsrådene involveres i arbeidet. Leder for Ung i Midtdalen leder arbeidet».

4.5.3.2 Delansvar 592 MGPP

Funksjon 2024 Logoped – interkommunalt samarbeid

Nord-Fron og Sør-Fron kommune kjøper logopedtenester frå MGPP i 100 % stilling. Nord-Fron dekker 60% av kostnadene og dette ligg inne med kr. 654.000 i 2021. Budsjettet er i tråd med vedtak i representantskapet for dei interkommunale ordningane 21.10.20.

Funksjon 2025 og 2112 MGPP – tilskot til skole og barnehage

Her er utgiftene til PP-tenesta fordelt mellom skole (80 %) og barnehage (20 %). Samla tilskott frå Nord-Fron er lagt inn med 2,5 mill. kr. i 2021. Budsjettet er i tråd med vedtak i representantskapet for dei interkommunale ordningane 21.10.20.

4.6 **Sektor helse**

Sektor oppvekst omfatter i tillegg til ansvar 610 Sektor helse desse tenesteområda:

- Pleie og omsorg
- Tenester for funksjonshemma
- Forebyggende helsetj.
- Interkommunale selskap (relatert til oppvekst).

Direkte under ansvar 610 Sektor helse er det samla fellesutgifter og inntekter for helsesektoren.

Det er lagt inn reduksjon i stillingar slik:

Område	Årsverk	Kommentar
Sektor helse, adm.ressurs	1,0 årsverk	
Sektor helse, stab/støtte	0,5 årsverk	Halvårsverknad i 2021
Sektor helse, effektivisering/velferdsteknologi	0,5 årsverk	Frå 2022
Sektor helse - TFF, adm/støtte	0,4 årsverk	

Det skal arbeidast vidare med organisering og innretning av tenester innan sektoren. Reduksjonen er inntil vidare fordelt på nokre funksjonar i budsjettet, men dette vil bli justert i tråd med konklusjonar frå det organisatoriske arbeidet.

Funksjon 1201 Administrasjon

Utgifter til sektorleiar med tilhørande utgifter er budsjetttert under denne funksjonen.

Funksjon 2348 Tildelingskontor

Dagleg leiar og tilsette ved tildelingskontor med tilhørande utgifter er ført opp på denne funksjonen.

Funksjon 2537 Korttidsopphald/rehabilitering

Det er ikkje ført opp midlar til betaling for utskrivingsklare pasientar (betaling til sjukehuset).

Funksjon 2538 og 2548 Stab Sundheim, Institusjon og Heimetenester

Det er lagt inn ein reduksjon på 0,5 årsverk med halvårsverknad i 2021 og heilårsverknad frå 2022.

4.6.1 Tenesteområde Pleie og omsorg

Området er pr. i dag delt opp i 7 avdelingar:

- Heimehjelp
- Heimesjukepleie
- Korttid/rehabilitering
- Langtidsavdeling
- Skjerma avdeling/Sundtunet
- Kjøkken
- Aktivitet og mestring.

I tillegg kjem ambulerande vaktmeister og tilsynslege.

Antall plasser ved langtidsavdelinga er fordelt slik:

Langtidsavd.: 36 plassar.

Skjerma avd.: 18 plassar.

Ved korttidsavdelinga er det 18 plassar.

Betalingssatsar for 2021 vart vedteke i KS-sak 135/20. Det vart i saka **utsatt iverksetting** av betalingssats for transport til dagtilbud, utkjøring/tilbakelevering av hjelpemidler til lokalt lager og installering av trygghetsalarm. Desse ordningane skal, før sluttbehandling, til behandling i HO, Eldreråd og RNF.

Funksjon 1205 Kantine Kommunehuset

Kostnader til drift av kantina på kommunehuset er ført her. Kantina er organisert under kjøkkenet på Sundheim.

Funksjon 2531 Institusjon

Fellesutgifter som gjeld langtidsavdelingane som t.d. driftsavtaler og forsikringar er budsjettert her. Eigenbetaling for langtidsplass er også ført opp her. Det er avsett kr. 250.000 årleg til sommarjobb for elevar, jf. KS-sak 130/19.

Funksjon 2532 Kjøkken

Kostnader til drift av kjøkken og kantine ved Sundheim er ført her.

Funksjon 2536 Tilsynslege i institusjon

Det er ført opp til saman 100 % stilling som tilsynslege knytt til området. Stillinga er fordelt med 40 % knytt til heimetenester/korttid og 60 % til langtidsavdelingar.

Funksjon 2537 Korttidsopphald

Lønskostnader knytt til avdeling korttid/rehabilitering og betaling for korttidsplasser er ført opp her.

Funksjon 2543 Ambulerande vaktmeister og trygghetsalarm

På funksjonen ligg lønnskostnader til ambulerande vaktmeister og betaling for trygghetsalarmer.

Funksjon 2546 Omsorgsløn

Omsorgsløn var tidlegare ført på tenestoområde Forebyggande helsetenester. Frå 2021 er det ført opp under Pleie og omsorg. Ordninga er vidareført på same nivå som i 2020.

Funksjon 2552 Matombringning

Kostnader til produksjon av mat for hjemmeboende med vedtak på matombringning er ført her.

Funksjon 2554 Heimehjelp og funksjon 2557 Heimesjukepleie

Løn- og andre kostnader knytt til heimehjelp, inkl. eigenbetaling er ført på funksjon 2554 – og utgifter knytt til hjemmesjukepleie er ført på funksjon 2557.

Funksjon 2564 Avdeling Sundtunet, 2565 Avdeling Nattevaktteneste og 2568

Langtidsavdeling

Her er det ført opp lønsutgifter knytt til langtidsavdelingene og nattevakttenesten. Avdeling Sundtunet/Skjerma avdeling vart i KS-sak 118/18 styrka med 1 mill kr. årleg årleg i 2019 og 2020, og dette vart redusert til kr. 500.000 frå 2021. I budsjettet er reduksjonen frå 2021 lagt inn att.

Det er lagt inn netto 3,0 mill. kr. i 2021 og 2,2 mill. kr. i 2022 for kjøp av teneste til ressurskrevande bruker innan pleie og omsorg. Refusjon frå staten er ført opp på funksjon 2559 Tilskott ressurskrevjande tenester .

Funksjon 2569 Aktivitet og mestring

Her er utgifter til drift av dagtilbud for eldre hjemmeboende og utgifter til medisinsk forbruksmateriell og medisiner ført opp. Frå 2020 er også Kvamstunet lagt inn under denne funksjonen.

Funksjon 2558 Tilskott ressurskrevjande tenester

Statleg tilskott til ressurskrevjande tenester er frå 2020 ført på det relevante tenestoområdet. For Pleie og omsorg er det lagt til grunn tilskott på kr. 438.000 årleg i planperioden.

4.6.2 Tenesteområde Tenester for funksjonshemma

Tenester for funksjonshemma er ført på ansvar 630.

Tenester for funksjonshemma er styrka med om lag 0,7 mill. kr. knytt til auka tenester og fleire brukarar. Styrkinga er lagt inn på *funksjon 20 29 Heimteneste 3*.

Det er lagt inn reduksjon tilsvarande 0,4 årsverk knytt til administrasjon.

Funksjon 2341 Arbeids- og aktivitetssenter

Her ligger utgifter til drift av aktivitetstilbod for vaksne psykisk utviklingshemma og andre.

Funksjon 2346 Avlastningstiltak

Utgifter til støttekontakt og avlastningstiltak er ført opp her. Dette var tidlegare ført på tenestområde for Forebyggjande helsetenester.

Funksjon 2539 Avlastningsbustad

Utgifter til drift av kommunal avlastningsbolig blir ført her.

Funksjon 2541 Heimetenester

Lønsutgifter m.m. knytt til oppfølging av brukarar blir før på denne funksjonen.

Funksjon 2547 Heimetenester (II) og funksjon 2570 Barnebustad 2

Kostnader knytt til oppfølging av brukarar ført opp her må også sjåast opp mot tilskott ført opp under funksjon 2558.

Funksjon 2731 Varig tilrettelagt arbeid

Tilskott til VTA-plasser er ført opp på denne funksjonen med kr. 392.000 årleg.

Funksjon 2558 Tilskott ressurskrevjande tenester

For Tenester for funksjonshemma er det lagt til grunn tilskott på 7,792 mill. kr. årleg i planperioden.

4.6.3 Tenesteområde Forebyggjande helsetjenester

Forebyggjande helsetenester er ført opp på ansvar 640 og omfattar i tillegg delansvara:

- 641 Legekontor
- 642 Helsestasjon
- 643 Rus og psykisk helse.

Funksjon 2336 Frisklivssentral

Utgifter til husleige, og 100 % stilling knytt til frisklivssentralen er ført opp her.

Funksjon 2346 Avlastningstiltak

Avlastningstiltak er frå 2021 ført under ansvar 630 Tenester for funksjonshemma.

Funksjon 2414 Fysioterapi

Den kommunale fysioterapitenesta har tilsaman 2,5 årsverk samt turnuskandidat. I tillegg kjem driftstilskott til privat praktiserande fysioterapeutar.

Funksjon 2415 Ergoterapiteneste

Lønnskostnader for 100 % stilling som ergoterapeut er ført her.

Funksjon 2546 Omsorgsløn

Omsorgsløn er frå 2021 ført under ansvar 620 Pleie og omsorg.

Funksjon 2549 Hverdagsrehabilitering

Lønnskostnader til 75 % stilling er ført opp på denne funksjonen.

4.6.3.1 Delansvar 641 Legekontor

Her ligg kostnader til fastlegeordning for kommunens innbyggjarar, legevaktteneste, medisinfagleg rådgiving, kommuneoverlege, rettleiing av turnuslegar og yngre legar. Tilsynslege er ført på tenesteområde Pleie og omsorg, medan helsestasjons- og skulehelseteneste er ført på delansvar Helsestasjon.

<i>Stillingsprosentar legane har i offentleg teneste:</i>	<i>Prosent</i>
Helsestasjons/skulehelseteneste	2 x 20 % = 40 %
Tilsynslege Heimetenester	2 x 20 % = 40 %
Tilsynslege Institusjon	60 %
Kommuneoverlege	40 %
Rettleiar for turnuskandidat	8 %
SUM	188 %

I tillegg kjem rettleiaroppgåver for nyutdanna legar (omfang varierar), samt honorar for inntektsbortfall i reisetid i samband med drifting av legekontor i Skåbukontor og honorar for administrativ leiging av legevakta.

Tilsynslege Institusjon/langtidsplassar er auka frå 53,33 % til 60 %, slik at det samla for Pleie og omsorg er tilsynslege i 100 % stilling frå 2020.

Funksjon 2403 Turnuskandidat

På funksjonen er budsjett for lønn og tilskott til turnuskandidat i 100 %, samt lønn til rettleiar i 8 % stilling.

Funksjon 2408 Legestilling

Det er frå 2020 tilsett to legar med 50 % fast løn og 50 % privat praksis. Fastløn er lagt inn på denne funksjonen.

Funksjon 2411 Legeteneste

Hjelpe/kontorpersonell er i hovudsak budsjettert på denne funksjonen, i tillegg til kontorutstyr/drift av legekantoret. Her er det også ført opp kr. 70.000 til betaling til staten for behandling i utlandet (gjeld innbyggjarar i Nord-Fron som får behandling ved opphald i utlandet).

Funksjon 2412 Privat legepraksis

Kommunen har inngått avtale med legane om at dei betaler for husleie, hjelpepersonell m.m. med tilsvarende beløp som dei får utbetalt frå kommunen i basistilskudd («nullsum»), jf. KS-sak 49/12. Inntekter og utgifter er ført på denne funksjonen. I tillegg blir honorar til lege for inntektsbortfall i reisetid i samband med drifting av legekantor i Skåbukantor ført her. Kantoret i Skåbu er betjent to dagar i veka.

4.6.3.2 Delansvar 642 Helsestasjon

Funksjon 2321 Helsestasjon

Tenesta er vidareført som i førre økonomiplan. I tråd med vedtak i KS-sak 74/20 er det ført opp kr. 25.000 årleg til gratis vaksine for meningokokksjukdom.

Funksjon 2323 Lege helsestasjon

To legestillingar på 20 % kvar knytt til helsestasjonen er ført her.

4.6.3.3 Delansvar 643 Rus og psykisk helse

Funksjon 2416 Psykisk helse og 2541 Heime tenester

Lønskostnader til årsverk innan psykisk helsevern er ført opp her.

4.6.4. Interkommunale selskap (helse)

Området består av delansvara:

691 Midt-Gudbrandsdal barnevernskontor

692 Midt-Gudbrandsdal flykningeteneste

693 Helsesamarbeid

694 - 698 NAV Midt-Gudbrandsdal.

4.6.4.1 Delansvar 691 Midt-Gudbrandsdal barnevernskontor (MGBV)

Nord-Fron gjekk inn i Midt-Gudbrandsdal barneverntjeneste frå 1.1.19. Det er Ringebru som er vertskommune. Tilskot til selskapet er budsjettert med 3,536 mill. kr. Budsjettet er i tråd med vedtak i representantskapet for interkommunale ordningar 21.10.20.

Kostnader til barnevernstiltak er også ført opp på dette ansvaret og skal fullt ut refunderes til Ringebru. Midt-Gudbrandsdal barneverntjeneste deltek i Ringsaker interkommunale barnevernvakt (akuttberedskap) frå 1.1.19, jf. KS-sak 62/18.

4.6.4.2 Delansvar 692 Midt-Gudbrandsdal flykningeteneste (MGF)

Frå 1.1.19 vart flyktningekontoret innlemma i det nye interkommunale selskapet Midt-Gudbrandsdal flykningeteneste, der Sør-Fron er vertskommune.

Nord-Fron sin andel/tilskot er ført opp på dette delansvaret med kr. 1,445 mill. kr. I tillegg kjem kostnader til introduksjonsstønad og busetting. Budsjettet er i tråd med vedtak i representantskapet for interkommunale ordningar 21.10.20.

Integreringstilskot og persontilskot blir inntektsført på ansvar 807.

Vaksenopplæringa for flyktningar er frå 1.1.19 organisert som del av Vinstra ungdomsskole.

Kommunen har i dei seinare åra hatt vedtak om å ta i mot 15 flyktningar årleg, men dette vart redusert til 10 i 2018 i tråd med anmodninga frå IMDI (Integrerings- og mangfoldsdirektoratet). I budsjettet er det lagt til grunn mottak av inntil 10 flyktningar årleg dei 4 neste åra, jf. KS-sak 124/20. Introduksjonsstønad, integreringstilskot og persontilskot er lagt inn i tråd med dette.

4.6.4.3 Delansvar 693 Helsesamarbeid

På dette delansvaret er kostnader til ulike helsesamarbeid ført opp.

Funksjon 2322 Svangerskapsomsorg

Nord-Fron og Sør-Fron samarbeidar om jordmorteneste. Det er lagt inn refusjon til Sør-Fron med kr. 361.000 for tenesta.

Funksjon 2335 Tilskott krisesenter

Det er ført opp kr. 429.000 i tilskott til Gudbrandsdal krisesenter.

Funksjon 2401 Koordinator HSG, 2404 Legevakt, 2433 FACT-team, 2561 KAD/øyeblikkelig hjelp

Nord-Fron har samarbeid med fleire kommuner i Sør-Gudbrandsdal om helsetenester, der Lillehammer er vertskommune. Frå august 2018 har Nord-Fron kjøpt både legevaktordning og legevaktvarsling frå Lillehammer kommune. Betaling for tenesta er lagt inn i tråd med budsjett frå vertskommunen (1,729 mill. kr. i 2021). Det er i tillegg lagt inn slike tilskott til dei ulike samarbeida:

- Koordinator 0,2 mill. kr.
- FACT-team 0,3 mill. kr.
- Koordinator psykisk helse/rus 0,1 mill. kr.

Samarbeidet når det gjeld KAD/øyeblikkeleg hjelp er avslutta frå 2021, jf. vedtak i KS-sak 7/20.

Funksjon 2406 Psykolog

Kommunen har tilsett psykolog i 100 % stilling. Dette er eit samarbeid med Sør-Fron kommune, og kostnader fordeles med 60 % til Nord-Fron og 40 % til Sør-Fron.

Funksjon 2413 Fronsvakta

Kommunestyret gjorde i KS-sak 121/20 slikt vedtak:

1. *Kommunestyret slutter seg til at Nord-Fron kommune i samarbeid med Sør-Fron kommune tar formell kontakt med Lillehammer kommune med sikte på klargjøring av mulighet for utvidelse av samarbeid med interkommunal legevakt på Lillehammer.*
2. *Kommunestyret ber om en bredere utredning av om Fronsvakta kan bestå også i framtida. Nye legevaktmodeller og bruk av ny teknologi, som eksempelvis «pilot legevakt» i regi av Helsedirektoratet, skal også vurderes.*
3. *Kommunedirektøren kommer tilbake til kommunestyret med endelig anbefaling i løpet av 1. kvartal 2021.*

Funksjon 2419 Kommunelege 1

Kommunen har inngått avtale med Øyer om kommuneoverlege. Stillinga utgjør 40% og utgifter til stillinga er budsjettert på denne funksjonen.

4.6.4.3 Delansvar 694 – 698 NAV Midt-Gudbrandsdal

NAV Midt-Gudbrandsdal vart oppretta frå 1.1.19 med Nord-Fron som vertskommune. Tenesta er delt i desse delansvara:

694 - NAV MG kontordrift.

Her blir kostnader til kontordrifta ført. Dette blir fordelt etter innbyggertal på dei tre deltakarkommunane.

695, 696, 697 - NAV MG Personytelser Nord-Fron / Sør-Fron / Ringebu.

Her blir utbetaling av kvalifiseringsstønad og økonomisk sosialhjelp ført. Dette blir fullt ut refundert frå den enkelte kommune.

For Nord-Fron er det budsjettert med slike kostnader i 2021:

Kvalifiseringsordningen: 1,4 mill. kr. årleg.

Økonomisk sosialhjelp: 4,2 mill. kr. årleg.

Sosialhjelp flyktninger: 2,1 mill. kr. i 2021 og 1,5 mill. kr. vidare i planperioden.

698 – NAV andel Nord-Fron.

Her blir Nord-Fron sin andel av kontordrifta (ansvar 694) ført. Denne er lagt inn med 5,1 mill. kr. i 2021. Dette er i tråd med vedtak i representantskapet for interkommunale ordningar 21.10.20.

6. KOSTRA – TAL

I tabellane er det sett opp utvalte KOSTRA-tal (konsern-tal) for nokre av tenestekområda som viser utvikling for NFK i 2018 og 2019, nabokommunane Sør-Fron (SFK) og Ringebu (RK), Oppland og landet utanom Oslo for 2019. Tala er til ein viss grad brukt som grunnlagsmateriale i budsjettarbeidet.

Økonomiske nøkkeltal:

Netto resultat i % av brutto driftsinntekter

NFK 2018	NFK 2019	SFK 2019	RK 2019	Oppland 2019	Landet 2019
-1,6	-2,7	2,4	1,5	0,6	1,5

Fri egenkapital drift i prosent av brutto driftsinntekter

NFK 2018	NFK 2019	SFK 2019	RK 2019	Oppland 2019	Landet 2019
10,8	7,9	10,8	17,0	12,0	11,1

Langsiktig gjeld (ekskl. pensjonsforpliktelse) i % av brutto driftsinntekter

NFK 2018	NFK 2019	SFK 2019	RK 2019	Oppland 2019	Landet 2019
89,0	87,3	68,7	117,5	108,9	111,0

Tekniske tenester:

Gebyr for vannforsyning (ekskl. mva) (gjelder rapporteringsåret+1)

	NFK 2019	SFK 2019	RK 2019	Oppland 2019	Landet 2019
Årsavgift	4.247	3.421	4.562	4.197	3.739
Tilknytn. høg	30.000				
Tilknytn. låg	15.000				

	NFK 2019	SFK 2019	RK 2019	Oppland 2019	Landet 2019
Tilknytn. én sats		15.000	21.879		

Gebyr for avløp (ekskl. mva) (gjelder rapporteringsåret+1)

	NFK 2019	SFK 2019	RK 2019	Oppland 2019	Landet 2019
Årsavgift	5.743	3.628	5.942	5.091	4.144
Tilknytn. høg	70.000				
Tilknytn. låg	30.000				

	NFK 2019	SFK 2019	RK 2019	Oppland 2019	Landet 2019
Tilknytn. én sats		15.000	20.664		

Skole:**Netto driftsutgifter til grunnskolesektor pr. innb 6-15 år**

